

DET NORSKE SAMLAGET  
NYNORSK KULTURSENTRUM

# NASJONAL NYNORSK KUNNSKAPSBASE

---

PROSJEKTRAPPORT

ODDMUND LØKENSGARD HOEL

JULI 2002

# NASJONAL NYNORSK KUNNSKAPSBASE

## PROSJEKTRAPPORT

---

### INNHALD

---

Innhald 2

Føreord 3

- 1 Innleiing og samandrag 4
- 2 Kvifor ein nynorsk kunnskapsbase? 6
  - 2.1 Leksikon og kunnskapsbasar som skriftkulturell infrastruktur 6
  - 2.2 Leksikon på nynorsk 6
  - 2.3 Meir enn ein halv million nynorskbrukarar 7
  - 2.4 Nynorsk som digitalt språk 8
  - 2.5 IT og prosjektarbeid i skulen 10
  - 2.6 Stoda for nynorskelevane 11
  - 2.7 Andre brukargrupper – brukargranskning 12
  - 2.8 Ein ny kanal for nynorskbruk 12
- 3 Aktørar 14
  - 3.1 Det Norske Samlaget 14
  - 3.2 Stiftinga Nynorsk kultursentrum 14
  - 3.3 J.W. Cappelens forlag AS 15
  - 3.4 Nynorske kunnskaps- og kompetansmiljø 15
- 4 Overordna vegval 17
  - 4.1 Målgrupper og målsetjingar 17
  - 4.2 To stolpar: ”Samlex” og ”Nettbiblioteket” 17
  - 4.3 Brukartilpassing og kvalitetssikring 18
  - 4.4 Samarbeid med Cappelen 18
- 5 Innhald 20
  - 5.1 Hovudprinsipp for organisering, utval og presentasjon 20
  - 5.2 ”Samlex” 21
  - 5.3 ”Nettbiblioteket” 25
- 6 Struktur og funksjonalitet 27
  - 6.1 Nøkkel i Samlex 27
  - 6.2 Søkjefunksjonen i Samlex 27
  - 6.3 Tekniske løysingar 28
  - 6.4 Brukarprofilar og grafisk utforming 29
- 7 Tilhøvet til statlege digitale satsingar på kulturområdet 31
  - 7.1 Ein nasjonal kunnskapsportal 31
  - 7.2 ABM-prosessen og Kulturnett Noreg 31
  - 7.3 Nettverk i skulesektoren 32
  - 7.4 Andre statlege satsingar 32
- 8 Organisering og vidare arbeid 33
  - 8.1 Organisering 33
  - 8.2 Vidare arbeid 33

**Vedlegg 1-4 er ikkje offentlege.**

---

## FØREORD

---

Denne rapporten er skriven i tida 13. mai – 1. juli 2002 på oppdrag frå Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum. Dei to institusjonane bad om ei delutgreiing som kunne vera med på å leggja grunnlaget for finansieringa og etableringa av ein fullverdig nynorsk kunnskapsbase på Internett.

Ynsket om eit oppdatert nynorsk leksikon i tradisjonelt bokformat har vore formulert gjennom fleire tiår, særleg frå skulehald. Arbeidet gjekk inn i ein ny fase då Kulturdepartementet i juni 2001 lyste ut ei anbodstevling om etableringa av ein nasjonal kunnskapsbase på Internett. J.W. Cappelen forlag, Det Norske Samlaget, Norsk Rikskringkasting og Schibsted Multimedia gjekk saman om å levera eit tilbod, med Nasjonalbiblioteket og Nynorsk kultursentrum som to viktige strategiske samarbeidspartnarar.

Etter at regjeringa i november 2001 sa nei til alle tilboda som hadde kome inn, har Samlaget og Nynorsk kultursentrum arbeidd vidare med planen om ein eigen nynorsk kunnskapsbase, og dei to institusjonane sende ”Søknad om tilskot 2002 til forprosjektet ’Nasjonal nynorsk kunnskapsbase’” til Kultur- og kyrkjedepartementet 14. mars 2002. Departementet har så langt ikkje gjeve svar på søknaden, men det vart likevel avgjort å setja i gang med arbeidet. Cappelen har stilt seg positiv til å vidareføra samarbeidet frå 2001, og denne prosjektrapporten byggjer såleis mykje på det arbeidet som vart gjort i samband med anbodstevlinga. Det må likevel presiserast at dette prosjektet skil seg mykje frå tilbodet som vart levert i fjor, både ved å vera ein reindyrka nynorsk kunnskapsbase, og ved å ha eit mindre omfang og ei lågare kostnadsramme.

I vedlegg 3 er det gjort greie for kva institusjonar og personar som er kontakta i arbeidet med prosjektet. Forlagssjef Audun Heskestad og organisasjonssjef Olav Stokkmo i Samlaget har saman med direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum vore referansegruppe for prosjektet. Deira store innsikt og lange røynsle har vore svært viktig i arbeidet. Det må likevel presiserast at denne rapporten ikkje er skriven på vegne av referansegruppa eller dei to oppdragsgjevarane, og han har heller ikkje vore formelt behandla av dei. Rapporten er mi tilråding om korleis Samlaget og Nynorsk kultursentrum bør gå vidare i det viktige målreisingsarbeidet det er å få etablert ein nynorsk kunnskapsbase på Internett.

Jostedalen, 1. juli 2002

Oddmund Løkenstgard Hoel  
prosjektleder

KRUNDALEN KULTURTENESTER – Oddmund L. Hoel  
Krundalen, 6871 Jostedal  
Telefon 57 68 66 18, oddmund.hoel@nm.no

Denne rapporten skisserer korleis ein ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” (NNK) kan byggjast opp. Det sentrale føremålet med NNK er å tilfredstilla eit stadig aukande behov for ei digital, oppdatert og kvalitetssikra kunnskapskjelde på nynorsk, særleg i skuleverket, men òg for nynorskbrukarar elles. Det har òg vore sentrale tildriv bak arbeidet med å få etablert ein slik kunnskapsbase at den nynorske skriftkulturen med sitt perspektiv skal få koma til orde att på brei front gjennom eit stort oppslagsverk, og å styrkja vilkåra for nynorsk fagspråk og gje nynorskbrukande fagfolk høve til å nytta sitt eige språk.

Alle små og mellomstore språk står andsynes store utfordringar, og særleg store er utfordringane for språk som lever i ein mindretalsposisjon, slik nynorsk gjer i dag. Etableringa av NNK vil vera eit av dei viktigaste tiltaka for det neste tiåret for å sikra nynorsk som allment bruksspråk i framtida, også for nye generasjonar.

I ein vidare samanheng vil NNK vera eit sentralt tiltak i arbeidet med å syta for å gjera norsk kvalitetssikra innhald tilgjengeleg på Internett. Kulturpolitisk har det dei siste åra vore lagt stor vekt på å sikra norsk språk og kultur i ei digital framtid, mellom anna gjennom oppbygging av ressursar på Internett. NNK er eit handfast og avgrensa tiltak som vil vera med på å realisera desse målsetjingane innanfor ein avgrensa tidshorison, og det er framfor alt eit prosjekt som vil vera med på å dra nynorskbrukarane langt sterkare inn i satsinga på digitalt innhald.

Det vert i denne rapporten lagt opp til at ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” skal ha to stolpar: Ein leksikalsk organisert base (”Samlex”) som skal vera eit ope, moderne og dynamisk nynorsk internettleksikon, og ei stor samling med digitale tekstressursar (”Nettbiblioteket”) som skal vera ei kjelde til viktige tekstar på nynorsk. Desse to stolpane vil bli etablerte som to integrerte nettstader. Ein kan velja å utvikla berre den eine av stolpane, eller utvikla dei kvar for seg, men rapporten argumenterer for at det er store fordelar knytte til å kunna utvikla dei som to delprosjekt innanfor ei samla satsing.

Sentrale redaksjonelle satsingsfelt for NNK vil vera norsk språk, litteratur, historie, kultur og tradisjonar, lokal og regional informasjon, media og informasjonsteknologi, språklege og kulturelle tilhøve globalt, samiske emne og nynorsk skriftkultur. NNK skal vera ein base om allmenne emne *på nynorsk*, og det skal vera ein base der ein finn opplysningar *om nynorsk*.

”Samlex” vil byggja på Cappelens nettleksikon Caplex. Dei 65 000 artikkane i Caplex vil bli omsette til nynorsk, og det vil bli bygt ut med stoff frå eksisterande oppslagsverk og med nyskrivne artiklar. I rapporten er det gjort framlegg om å ta inn *ni* eksisterande verk med totalt 120 000 oppslagsord/artiklar, attåt *Nynorskordboka* (90 000 oppslagsord) som alt er tilgjengeleg i nettutgåve. Vidare er det gjort framlegg å skriva 3000 nye utdjupande artiklar om dei prioriterte emna. I tillegg vil det vera kring 6500 bilete/illustrasjonar.

Samarbeidet med Cappelen sikrar at Samlex-redaksjonen kan setja inn kreftene på å produsera nytt og utdjupande stoff. Rapporten viser at ein ved å ta utgangspunkt i ei slik samarbeidsløysing kan etablere eit nynorsk internettleksikon tilsvarande Caplex for berre ein brøkdel av kostnadene med å etablere eit slikt nettleksikon frå botn. Det er såleis ei svært kostnadseffektiv samarbeidsløysing som er valt, og med denne løysinga kan ressursane setjast inn på å byggja ut *innbaldet* framfor å måtta etablere ein grunnleggjande teknisk infrastruktur og utvikla eit basisinnhald. Det er òg ei løysing som sikrar at NNK får dra nytte av den store kompetansen på digitale oppslagsverk som Cappelen har bygt opp gjennom ei årrekkje.

Det vert streka under at ei omsetjing av dagens Caplex til nynorsk ikkje i seg sjølv er tilstrekkeleg og heller ikkje ei hovudsak ved det å få etablert ein nynorsk kunnskapsbase. Hovudsiktemålet med denne løysinga er at ein raskast og billegast mogleg skal koma fram til det punktet der utviklinga av ein sjølvstendig og særmerkt nynorsk kunnskapsbase kan ta til.

”Nettbiblioteket” vil dels byggja på nynorske tekstar som alt er digitaliserte (td. forfattarskapane til Ivar Aasen, Arne Garborg og A.O. Vinje), og dels syta for digitalisering av tekstar som i dag berre finst på papir. Rapporten legg opp til at kring 20 000 nynorske tekstsider skal bli tilgjengelege gjennom biblioteket i prosjektperioden 2002-2005, attåt bibliografiar, register, arkivtilfang og faktaopplysningar om nynorsk.

Det er lagt stor vekt på at NNK skal vera samordna med dei tunge statlege digitale satsingane på kulturfeltet, både ein eventuell nasjonal kunnskapsportal og det som skjer innanfor ABM-sektoren (arkiv, bibliotek, museum). Denne rapporten er skriven på eit tidspunkt der mykje framleis er uklart når det gjeld dei statlege satsingane, og det er lagt opp til at NNK skal vera eit prosjekt som står på egne bein og fyller eit særskilt behov uavhengig av kva staten elles gjer, samstundes som NNK vert bygt opp på ein måte som lett kan samordnast med dei statlege satsingane når det vert aktuelt.

Bak NNK står Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum, som er dei to tunge institusjonane innanfor formidling og dokumentasjon av nynorsk skriftkultur. Cappelen er med sin tunge leksikontradisjon ein nær og viktig samarbeidspartnar. Ut over dette er det lagt opp til at NNK skal vera ein stor dugnad der ei rad ulike institusjonar og miljø vert inviterte med. Det gjeld både andre institusjonar og organisasjonar i målrørsla, og det gjeld ikkje minst kultur-, medie-, skule- og forskingsinstitusjonar utanfor den organiserte målrørsla som brukar nynorsk og har ressursar, kompetanse og egne prosjekt som er interessante for NNK. Slik kan ein få til ei effektiv arbeidsdeling mellom institusjonane og hindra dobbeltarbeid, og ein kan få til gjenbruk av eksisterande ressursar som det kanskje tidlegare er lagt ned offentlege kroner i utviklinga av. På den måten vil NNK få viktige ringverknader.

Eit utstrekt nettverkssamarbeid er heilt avgjerande for at NNK kunna bli eit sentralt tyngdepunkt og møtepunkt for digital formidling på nynorsk. Det er òg avgjerande for at NNK skal bli ein kunnskapsbase som er nasjonal ikkje berre på den måten at han formidlar det nasjonen har sams, men òg vert ein kunnskapsbase for heile landet. Noreg har bruk for ein kunnskapsbase som legg særleg vekt på å få fram lokal og regional informasjon, og då er det avgjerande å ha sterke lokale og regionale samarbeidspartnarar. Her er det i fyrste omgang lagt opp til å gjennomføra eit større prøveprosjekt med utspring i nynorskfylket Sogn og Fjordane som kan danna eit grunnlag for å dra med alle fylke.

NNK er prosjekttert med ei samla kostnadsramme til etablering på 17,2 mill kr, av dette utgjer Nettbiblioteket 2,9 mill kr og Samlex 14,2 mill kr. Årlege driftskostnader er rekna til 1,9 mill kr, av dette 0,5 mill kr for Nettbiblioteket. Det er lagt opp til at etableringa skal skje i treårsperioden 2003-2005 og at NNK skal vera full utbygd i november 2005. Det er laga ein framdriftsplan som legg opp til ei hovudlansering i fyrste halvår 2004 med kring halvparten av innhaldet og heile det strukturelle og tekniske rammeverket på plass. Det må strekast under at dette er ein ideell og stram framdriftsplan som tek utgangspunkt i omsynet til brukarane. Føresetnaden er at finansieringa av eit pilotprosjekt er klar innan 1. september i år, og at finansieringa av hovudprosjektet er klar ved årsskiftet 2002/2003.

### 2.1 LEKSIKON OG KUNNSKAPSBASAR SOM SKRIFTKULTURELL INFRASTRUKTUR

Store systematiske, kvalitetssikre og velredigerte kunnskapsbasar har lenge vore avgjerande for å sikra den felles kunnskaps- og kulturarven og kunnskapsproduksjonen i eit språksamfunn. Tradisjonelt har dette skjedd i form av oppbygging av store leksikon. I dag står det om korleis ein kan sikra denne kunnskaps- og kulturarven i ei digital framtid. Dei teknologiske endringane gjer at problemstillinga ikkje lenger er korleis ein kan ta vare på denne arven gjennom *ei* kjelde, men gjennom eit nettverk og eit mangfald av innhaldsressursar – kunnskapsbasar – som best mogleg kan knytast saman og vera til nytte og glede for flest mogleg.

Både den sitjande regjeringa og stortingsfleirtalet har lagt stor vekt på at det trengst ”kilder til generell kunnskap på norsk, samt kunnskap om Norge og norske forhold i et bredere perspektiv”. Dette handlar om ”å ta vare på vår felles nasjonale hukommelse”, og Stortinget har dessutan slege fast at ”et moderne samfunn er best tjent med et mangfold av kunnskapskilder”.<sup>1</sup>

Det er brei semje i det norske samfunnet om at dette er endå viktigare enn før no når norsk språk og kultur opplever eit stadig aukande press utanfrå. Nasjonale kunnskapsbasar er svært viktige for å sikra norsk som fagspråk, særleg på dei mest utsette områda. Formidling av fagstoff gjennom allmenne kanalar stiller dessutan heilt andre krav til at fagfolk er i stand til å bruka eit språk som kommuniserer med allmenne lesarar enn når dei skriv for sine egne fagmiljø. Allmenne oppslagsverk har vore og er svært viktige møteplassar mellom fagspråk og allmennspråk, og digitale kunnskapsbasar vil ha ein tilsvarande funksjon framover.

Oppbygging av leksikon har stått sentralt i styrkinga av både dei to skrifttradisjonane i Noreg. For riksmål/bokmål har det i over 100 år vorte laga fleire store leksikon (td. leksikona til Aschehoug og Gyldendal, *Fokus*, *Cappelens Leksikon*, *Pax leksikon*). Det finst i dag ein sterk og rik leksikontradisjon (på bokmål) i Noreg jamført med mange andre land. Så langt har det vore eit godt kommersielt grunnlag i Noreg for å gje ut slike oppslagsverk på bokmål, men dette har dei siste åra endra seg. Kunnskapsforlaget har gjort det heilt klart at det ikkje lenger er mogleg å halda ved like og publisera det største av leksikona, *Store Norske Leksikon*, utan større offentlege eller private tilskot.

### 2.2 LEKSIKON PÅ NYNORSK

Også i nynorsk skriftkultur har det vore ei viktig oppgåve å utvikla eit stort allment oppslagsverk. Ivar Aasen la eit fyrste grunnlag for eit fagspråk og ei allkunnebok på nynorsk med boka *Heimsyn. Ei snøgg Umsjaaing yver Skapningen og Menneskja, tilmaatad fyre Ungdomen* (1875, 96 sider). Men det måtte gå to generasjonar der nynorsk systematisk vart teke i bruk på dei fleste fagområde før ein hadde eit godt nok grunnlag i ein marknad og i fagmedarbeidarar til at ein kunna skapa eit stort nynorsk leksikon. Fonna Forlag gjekk laus på oppgåva rett etter frigjeringa i 1945, og i åra 1948-1966 kom *Norsk Allkunnebok* i ti store band, skrivne av fleire hundre nynorskbrukande fagfolk. Fonna Forlag knekte ryggen på prosjektet, og særleg dei to siste banda vart svært komprimerte.

Utgjevinga av *Norsk Allkunnebok* var svært viktig for nynorsk som bruksmål. Skuleelevar og andre nynorskbrukarar fekk eit etterlengta oppslagsverk, nynorsk fagspråk vart utvikla og teke i bruk på ei rad fagfelt der språket stod svakt, og det vart eit leksikon som la langt større vekt på norske tilhøve enn andre leksika – kommunar og bygder, næringsvegar, bygdekunst, lokalsoge og folkekultur. På fleire slike emne er *Norsk Allkunnebok* framleis det beste norske oppslagsverket. For si tid var det eit svært moderne oppslagsverk. Det la vekt på å omtala nyskipingar på det politiske og sosiale området, og tekniske og vitskaplege framsteg. Det var det fyrste norske

---

<sup>1</sup> Innst. S. nr. 77 (2001-2002) Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om (...) opprettelsen av en nasjonal kunnskapsbase

leksikonet som nytta signerte artiklar, og det tok i bruk det internasjonale lydskriftalfabetet i uttaleopplysningane. Stilistisk var det eit svært velskrive leksikon, og det vart eit utstillingsvindauga for den sterke nynorske folkeopplysnings- og formidlingstradisjonen.

I takt med at *Norske Allkunnebok* har vorte forelda, har kravet frå nynorskmiljøa om eit nytt nynorsk leksikon auka, særleg frå skulane i nynorsk kommunane. Nynorskversjonen av *Hermes leksikon* (1979) heldt ikkje mål og vart aldri eit brukande hjelpemiddel. Ynska frå samfunnet om eit moderne nynorsk leksikon har med aukande styrke vorte målbore av Det Norske Samlaget, Nynorsk kultursentrum, Noregs Mållag og andre nynorske organisasjonar og institusjonar. Med den digitale revolusjonen har kravet dei siste åra vorte modernisert til å gjelda ein nynorsk kunnskapsbase på Internett.

### 2.3 MEIR ENN EIN HALV MILLION NYNORSKBRUKARAR

Etter å ha brukt 150 år på å etablera seg, kan stoda for det nynorske skriftmålet kort oppsummerast ved

- å ha ein uomstridd posisjon som formelt jamstelt nasjonalmål
- reelt vera eit skriftleg mindretalsmål i nasjonal samanheng
- å ha ei sterk stilling som landsdelsspråk
- stor stabilitet i talet på brukarar
- ein særleg sterk posisjon som levande og nyorienterande litteratur- og kunstspråk

Dei som brukar nynorsk kan grovt delast i to grupper.<sup>2</sup> *Primærbrukarane* er dei ein vanlegvis reknar som nynorskbrukarar og er personar som brukar nynorsk privat og i størst mogleg grad i profesjonelle samanhengar når det ikkje ligg føre krav eller sterke føringar om å bruka bokmål. *Sekundærbrukarane* har nynorsk som sidemål og avgrensar bruken av nynorsk til lesing og lytting, og til pliktig bruk i skule og arbeid. Så godt som alle norske statsborgarar er anten primær- eller sekundærbrukarar av nynorsk som ei følgje av det nedfelte og praktiserte språkpolitiske prinsippet om at nynorsk og bokmål er jamstelte nasjonalspråk. Det språklege styrketilhovet gjer likevel at medan svært mange av dei primære nynorskbrukarane skriv nynorsk og bokmål tilnærma like godt, er det berre eit fåtal av dei primære bokmålsbrukarane som gjer det.

*Primærbrukarane* av nynorsk utgjorde i skuleåret 2001-2002 14,9 % av alle norske grunnskuleelevar (89 200 elevar). 84,9 % av elevane har bokmål som hovudmål medan 0,2 % har samisk som fyrstespråk.<sup>3</sup> Talet har dei siste 30 åra variert mellom kring 15 og 17 %, hovudsakleg av demografiske årsaker, så talet må framfor alt seiast å vera stabilt. 883 (26,7 %) av dei 3308 norske grunnskulane i 1996 hadde nynorsk som vedteke hovudmål.<sup>4</sup>

Like presise tal finn ein ikkje for vaksne. Men hausten 2000 gjorde Norsk Gallup ei spørjegransking for Riksmålsforbundet der eit representativt utval på 4077 vaksne nordmenn vart spurde om målbruk i private samanhengar. 8,5 % gav då opp at dei brukte berre nynorsk, medan 5,3 % brukte både nynorsk og bokmål. Ut frå språksosiologiske forhold kan ein rekna med at dei aller fleste av dei som brukar båe målformer har hatt nynorsk som hovudmål og seinare har flytt til ein by/bokmålskommune. Samla får ein dermed 13,8 % nynorskbrukarar.<sup>5</sup> Tek ein utgangspunkt i at det er 4,5 millionar nordmenn, vert det kring 620 000 nynorskbrukarar. I 1995 fekk Norsk språkråd utført ei identisk spørjegransking, og då brukte 12,4 % av dei spurde nynorsk eller både nynorsk og bokmål, og det var talet på dei som oppgav at dei berre brukte nynorsk som auka frå 1995 til 2000. Så i den grad endringa ikkje er eit uttrykk for feilmarginar i slike granskingar, har talet på vaksne nynorskbrukarar heller gått fram enn attende dei siste åra.

<sup>2</sup> Definisjonar frå Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 35 f

<sup>3</sup> Statistisk sentralbyrå, 4.6.2002, <http://www.ssb.no/emner/04/02/20/utgrs/tab-2002-06-04-13.html>

<sup>4</sup> *Nynorske faktabok 1998*, s. 35

<sup>5</sup> <http://www.riksmalsforbundet.no/gallup.html>

Av dei 435 kommunane har 116 (27%) vedteke nynorsk som administrasjonsmål. 38 % har gjort vedtak om bokmål, og 36 % er språkleg nøytrale.<sup>6</sup> Av 208 norske aviser vert 49 (24 %) redigerte på nynorsk og 21 (10 %) på båe målformer. Dei bokmålsredigerte avisene utgjer dermed 66 % av titlane.<sup>7</sup> Nynorskdelen av det samla avisopplaget er derimot langt mindre sidan dei største riksavisene ikkje slepper til nynorsk på redaksjonell plass. 25 % er minstekravet i representasjon av ei av målformene i statsforvaltninga og i NRK.

I geografisk utbreiing har nynorsk etter krigen måtta tola ein tilbakegang som fyrstespråk i grunnskulen særleg i Nord-Noreg, Trøndelag, delar av Austlandet og Agder. Dette har vorte kompensert i språkleg styrke og vitalitet ved at nynorsk har kome i bruk på alle samfunns- og fagområde i dei stroka av landet språket er mykje i bruk. Nynorsk er i dag eit levande mediespråk både i radio, fjernsyn, lokal- og regionaviser og andre media, bortsett frå dei delane av rikspressa, vekepressa og fagpressa der språket framleis vert halde aktivt ute. Som skjønnlitterært språk og kyrkjespråk har nynorsk lenge hatt ei sterk stilling. Den siste generasjonen har det skjedd ein stille språkleg revolusjon i næringslivet i mange nynorsk kommunar ved at nynorsk har kome inn som det sjølvsaigde forretnings- og reklamespråket, mest tydeleg i Sogn og Fjordane.

Ser ein på *sekundærbrukarane*, er det eit tydeleg drag i dei spørjegranskingane som er gjorde, at det er liten motvilje mot å lesa nynorsk. Markeds- og medieinstituttet (MMI) har gjennom prosjektet ”Norsk monitor” sidan midt i 80-åra spurd nordmenn om kva dei føretrekkjer å lesa. I den siste granskinga frå hausten 2001, svarar 8,3 % at dei føretrekkjer å lesa nynorsk framfor bokmål, 46,3 % seier at dei likar godt eller tykkjer det er OK å lesa nynorsk, og berre 15,2 % seier at dei ikkje kan tenkja seg å lesa nynorsk.<sup>8</sup> Tala er ein klar indikasjon på at motviljen mot å lesa nynorsk er liten, og at det såleis er svært mange sekundærbrukarar av nynorsk som ikkje vil ha noko imot å bruka ei teneste som NNK fordi ho er på nynorsk.

Det samla biletet er såleis at Noreg den siste generasjonen i aukande grad har vorte kløyvt i ein nynorskbrukande- og ein bokmålsbrukande del, men at det framfor alt er stabiliteten og konsolideringa som pregar nynorsk skriftkultur. Nynorsk er i dag, som før, fyrstespråket til godt over ein halv million nordmenn.

## 2.4 NYNORSK SOM DIGITALT SPRÅK

Nynorsk har også vorte IT- og internettspråk, men er framleis mindre brukt her enn i bøker, aviser og kringkasting. Det har dei siste åra vore mykje merksemd kring at nynorsk også må bli sikra ei framtid som digitalt språk, og det har vore ei høgt prioritert oppgåve for den organiserte målrørsla. Dei siste åra er det kravet om nynorsk programvare som har skapt dei største språkpolitiske aksjonane og massemonstringane i Noreg. I 2000 gjekk 110 ordførarar og 463 rektorar saman om eit opprop med krav om eit statleg regelverk som krev at programvareleverandørar leverer både nynorsk- og bokmålsversjonar av program som staten og skuleverket kjøper. I september 2000 demonstrerte kring 20 000 elevar over heile landet for nynorsk programvare.<sup>9</sup>

Krava om språkleg jamstelling på IT-feltet står sentralt både i den gjeldande handlingsplanen for språk på IT-feltet<sup>10</sup> og i den siste stortingsmeldinga om offentleg målbruk.<sup>11</sup> Bondevik-regjeringa skriv i målbruksmeldinga:

”Det er eit språkpolitisk mål ... at nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin både som eit levande bruksspråk og som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål. Med

<sup>6</sup> Målvedtak i kommunar og fylkeskommunar, 1.1.2002, <http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/kd-20010402-0361.html>

<sup>7</sup> Tal frå 1997, *Nynorsk faktabok 1998*, s. 187

<sup>8</sup> Tal frå Norsk monitor, MMI, i notat frå Samlaget juni 2002.

<sup>9</sup> Årsmeldingar 2000-2001 og 2001-2002 frå Noregs Mållag

<sup>10</sup> *Handlingsplan for norsk språk og IKT*, Norsk språkråd juni 2001, utarbeidd på oppdrag frå Kulturdepartementet som ein del av eNoreg-planen

<sup>11</sup> St.meld. nr. 9 (2001-2002) Målbruk i offentleg teneste



dei utfordringane vi ser i kjølvatnet av internasjonaliseringa og den teknologiske utviklinga, må vi i tillegg stilla opp som det overordna språkpolitiske målet *å verne og styrkja norsk språk i det heile, slik at både bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige brukspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonssamfunnet.*”

Førehavinga av målbruksmeldinga i Stortinget våren 2002 stadfeste at det er eit breitt politisk fleirtal bak målsetjingane om å sikra nynorsk ei framtid som fullverdig IT-språk. Der vart det særleg lagt vekt på at det ikkje var grunn til å tru at marknadskreftene åleine ville sikra nynorsk som IT-språk og at staten difor måtte ta ansvaret:

”*Fleirtalet* [alle unnateke Frp] vil peike på den store mangelen det er på nynorsk programvare. Som ein av Noregs største IT-kundar, rår det offentlege samla over eit sterkt økonomisk verkemiddel til å krevje at produsentane utviklar nynorskversjonar. *Fleirtalet* viser til at Stortinget fleire gonger har understreka at viss ikkje staten tek den kulturpolitiske styringa når det gjeld språk og IT, vil tilfeldige programvareutviklarar kunne leggje føringer på utviklinga av norsk språk.”<sup>12</sup>

I den grad det kom for dagen ei usemje i Stortinget, gjekk det på at eit stort mindretal var utolmodig og alt under førehavinga av målbruksmeldinga ville slå fast at det skulle lovfestast måljamstillingskrav til IT-leverandørar.

Parallele problemstillingar har lege føre i prosessen kring leksikon og nasjonale kunnskapsbasar. Ein stor skilnad også her er at medan det er, eller iallfall har vore, eit kommersielt grunnlag for leksikon på bokmål, er det definitivt ikkje det for nynorsk. Nynorsk leksikontradisjon står 35 år etter siste bandet av *Norsk Allkunnebok* i praksis diverre på eit nullpunkt, og den nynorske delen av ein nasjonal kunnskapsbase må dermed byggjast opp frå botn, uavhengig av kva løysingar som elles måtte bli valde for å få realisert planane om nasjonale kunnskapsbasar eller ein kunnskapsportal. Bokmålstradisjonen har her fått eit svært stort forsprang, så det hastar med å koma i gang.

Når det i tillegg no vert meldt frå bokmålssida at det heller ikkje der vil vera marknadgrunnlag for å gie ut leksikon og etablera kommersielle kunnskapsbasar på bokmål framover, er det iallfall utenkjeleg at dette vil skje for nynorsk, som berre har kring 15 % av marknadgrunnlaget og dessutan alt ligg fleire tiår etter.

Frå dei politiske miljøa er det uttrykt ei forståing for dei ulike televilkåra for nynorsk og bokmål også på dette feltet. Eit breitt fleirtal i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen i Stortinget (alle unnateke Framstegspartiet og Simonsen) sa i januar 2002 i innstillinga om opprettinga av ein nasjonal kunnskapsbase at regjeringa må

”sørge for at de språkpolitiske målsettingene om likestillingen mellom våre to målformer ivaretas ved etableringen av nasjonale digitale kunnskapsbasar.”<sup>13</sup>

Kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland la i tala si til årsmøtet i Det Norske Samlaget 27.4.2002 vekt på at

”...det er heilt avgjerande at nynorsk får digitale uttrykk ... Staten har eit særleg ansvar for at behovet for produksjon av elektronisk innhald på nynorsk vert tilgodesett. Det må vere reell likestilling mellom språkformene i digitale medium, ikkje minst i dei elektroniske kunnskapsbasane som no er under planlegging.”

<sup>12</sup> Innst. S. nr. 109 (2001-2002) Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om målbruk i offentleg teneste

<sup>13</sup> Innst. S. nr. 77 (2001-2002) Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om (...) opprettelsen av ein nasjonal kunnskapsbase

Dette vart følgt opp konkret i framlegget til revidert nasjonalbudsjett i mai 2002 der regjeringa gjekk inn for å setja i gang pilotprosjekt innanfor nynorsk, samisk og multimedia i samband med arbeidet med å etablere den nasjonale kunnskapsportalen. At Stortingsfleirtalet gjorde noko om på desse planane i samband med førehavinga av budsjettet kan likevel umogleg tolkast som at dei målpolitiske målsetjingane på feltet er svekka.

Allment må det strekast under at satsinga på utbygging av nynorsk på IT-feltet ikkje kan gjerast i eit vakum. I botn ligg framleis behovet for produksjon av godt og kvalitetssikra innhald, og i mange tilfelle er det snakk om digital formidling av eksisterande, tradisjonelt innhald. Då er det avgjerande at digitaliseringa av nynorsken tek utgangspunkt i dei formidlingsinstitusjonane og dei innhaldsproduserande miljøa som alt finst og utnyttar deira styrke på innhaldssida. Det er institusjonar som har fokuset på innhald, ikkje på teknologi, som har dei beste føresetnadene for å bringa den nynorske tradisjonen vidare på det digitale feltet.

## 2.5 IT OG PROSJEKTARBEID I SKULEN

Skuleåret 2001-2002 var det 3248 grunnskular i Noreg med totalt 599 000 elevar. 488 av skulane var reine ungdomsskular. Heile 36 % av skulane har mindre enn 100 elevar.

Læreplanane har alt i mange år slege fast tema- og prosjektarbeid som ein berande arbeidsmåte i skulen. L97 slår fast at minst 60 % av den samla undervisningstida på småskulesteget skal vera temaorganisert opplæring. På mellomsteget skal elevane byrja å få røynsle med prosjektarbeid, og minst 30 % av tida skal brukast til tema- og prosjektarbeid. På ungdomssteget skal minst 20 % av det samla timetalet kvart år brukast til tema- og prosjektarbeid.

Det er eit stort fokus i alle skuleslag både på å ta i bruk IKT som hjelpemiddel i alle fag, og på å henta inn og nytta seg av kunnskap frå andre læringskjelder enn læreboka. Bruken av kunnskapskjelder på Internett har vorte ein stadig viktigare del av skulekvardagen i dei fleste faga, særleg i tema- og prosjektarbeid. Alt på 2. klassesteg skal elevane ”leike på datamaskin, skrive og teikne” (L97), på mellomsteget byrjar elevane å nytta seg av eksterne kunnskapskjelder, og på ungdomssteget er det ein heilt sentral arbeidsmåte at elevane «skal kunne søkje informasjon ved hjelp av ulike tilgjengelege informasjonskjelder som til dømes bibliotek, arkiv og informasjonsteknologi» (L97).

I læreplanverket for den vidaregåande skulen er det lagt svært stor vekt på bruken av andre informasjonskjelder enn tradisjonelle læremiddel. Læreplanen for norsk har som felles mål for alle studieretningane mellom anna å:

- ”kunne bruke bøker, aviser og andre massemedium som informasjonskjelder
- kjenne til og kunne bruke hjelpemiddel som ordbøker, leksika og andre oppslagsverk
- kunne planleggje og gjennomføre eit prosjektarbeid”

Skuleverket har også kome langt i tilrettelegginga for at det skal vera mogleg å ta i bruk digitale informasjonskjelder. Norsk Gallup gjennomførte i januar-februar 2002 ei stor spørjegransking om IT i skuleverket for Utdannings- og forskingsdepartementet der det kom inn svar frå 579 grunnskular og vidaregåande skular.<sup>14</sup> Rapporten viser at det i snitt var 9,2 elevar per datamaskin i barneskulen, 8,2-8,4 i ungdomsskular og kombinerte skular og 3,5 elevar per datamaskin i vidaregåande skular. 93 % av barneskulane har tilgang til Internett medan heile 99 % av dei vidaregåande skulane har det, og elevane har like høg tilgang som lærarane – og faktisk betre tilgang enn administrasjonane.

Granskinga viste elles at maskinparken var eldst i barneskulane der 78 % av maskinane var frå 1998 eller eldre, og nyast i vidaregåande skule der 51 % av maskinane var frå 1998 eller eldre. Her utmerka Sør- og Vestlandet seg som regionen med eldst maskinpark, men skilnadene var ikkje veldig store. Bandbreidda på Internett-tilkoplinga varierte mykje mellom skuleslaga. ISDN er den

---

<sup>14</sup> *IT i skolen*, Norsk Gallup Institutt AS, <http://www.odin.dep.no/ufd/norsk/satsingsomraade/ikt/>

klart vanlegaste tilkoplinga for grunnskulane (82 %), medan 76 % av dei vidaregåande skulane har *raskare* tilkopling enn ISDN. Internett vert også *brukt*: heile 90-99 % av skulane, alt etter skuleslag, opplyser at internettprogram vert brukte i opplæringa – det er på ein klar andre plass etter tekstbehandling, og før rekneark og e-postprogram. Granskinga konkluderer også med at det vanlegaste bruksområdet for Internett på alle skuleslag er å ”bruke eksterne databaser til å finne og laste ned informasjon fra ulike kilder på Internett” (frå 72 % av barneskulane til 89 % av dei vidaregåande skulane). Det er jamt over liten geografisk variasjon mellom dei fire definerte landsdelane i granskinga.

Med generell søking etter kunnskapsstoff har det vorte eit aukande problem at elevane går seg vill i stoff som er dårleg kvalitetssikra, lite pedagogisk tilrettelagt og ikkje til å lita på. Tilbakemeldingar frå lærarar tyder på at dei vanlege søkjemotorane på langt nær er tilstrekkelege for å setja elevane på sporet av den aktuelle informasjonen. Det ser heller ut til at lærarane i aukande grad legg opp bruken av Internett i undervisninga slik at elevane vert styrte mot bestemte kvalitetssikra og relevante kunnskapskjelder.

Det har ikkje lukkast å finna handfaste tal på bruken av *internettleksikon* i dei ulike skuleslaga. Alt tyder likevel på at leksikon er mykje brukt av elevane. Mange av dei tilbakemeldingane Cappelen får frå Caplex-brukarar, er frå skuleelevar. Ein indikasjon på korleis Caplex konkret vert brukt i skulen, finn ein på nettsida til Risenga skole i Asker. I mai 2002 var Risenga med på eit prøveprosjekt om å bruka IKT til avgangsprøva i 10. klasse, mellom anna i norsk. På sida med oversyn over søkjevekt, finn ein peikarar til fem av dei vanlegaste søkjemotorane pluss Caplex.

I *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen* (september 1996) vart det teke ein reservasjon når det gjaldt IT i skulen: ”Intensjonane i planverket når det gjeld informasjonsteknologi (IT), må likevel gjennomførast gradvis og tilpassast det som er økonomisk mogleg for kommunane.” I eit rundskriv nyleg har Utdannings- og forskingsdepartementet oppheva dette atterhaldet med verknad frå 1. august 2002.<sup>15</sup> Departementet slår i rundskrivet fast at:

- ”IKT skal tas i bruk i undervisningen i grunnskolen i henhold til målene i læreplaner f.o.m skoleåret 2002/03.
- IKT skal tas i bruk ved sentralgitte/lokalgitte prøver f.o.m våren 2004. Hvordan dette skal gjøres, bl.a. i hvilket omfang, skal vurderes. Retningslinjer for gjennomføring av prøver med bruk av IKT vil bli gitt av Læringssenteret.
- Rundskriv, informasjon med mer vil gradvis legges ut elektronisk, og f.o.m skoleåret 2003/04 vil disse i hovedsak bli sendt ut elektronisk.”

Dette er eit viktig formelt steg i retning av at kunnskapskjelder på internett vert heilt sentrale også i vurderinga av elevar i grunnskulen.

## 2.6 STODA FOR NYNORSKELEVANE

I ein situasjon der stadig meir av lærestoffet skal hentast utanfor lærebøkene, er det eit aukande problem i skular med nynorsk opplæringsmål at svært mykje av det tilgjengelege stoffet berre finst på bokmål. Når elevar klypper bokmålstekst frå nettet for å bruka i arbeidet med sine egne tekstar, skapar det unødvendige vanskar, og tekstane har lett for å bli dårlege og bokmålsprega. Eksisterande oppslagsverk og informasjonsskjelder på bokmål har heller ikkje den kulturelle referanseramma som nynorskbrukarar kjenner seg heime i.

I arbeidet med prosjektet har det kome overraskande vitnemål om at *Norsk Allkunnebok framleis er i bruk* somme stader i grunnskulen nettopp fordi lærarane ynskjer at bruken av oppslagsverk skal vera med på å styrkja den språklege og kulturelle tryggleiken til nynorskelevane.

Tilbakemeldingar frå lærarar i nynorsk kommunane er eintydige: det er eit stort behov for eit godt og kvalitetssikra nynorsk oppslagsverk på Internett. Mange ynskjer seg også eit oppdatert nynorsk

<sup>15</sup> Rundskriv F-009-02, 10.6.2002, <http://odin.dep.no/ufd>

leksikon i bokform. I grunnskulen er det særleg på ungdomssteget ein nynorsk kunnskapsbase på nettet vert etterlyst, men også lærarar på mellomsteget understrekar at det er stor trong for eit slikt verkty i prosjekt- og temaarbeid, særleg dersom det vert lagt pedagogisk til rette for 11-13-åringar.

Etter initiativ frå Høle barne- og ungdomsskule (Sandnes kommune) har fire Rogalands-skular som dekkjer alle årsstega 1-13 gått saman om prosjektet *Nynorsk inn i IKT-opplæringa (NIO)*. Prosjektet har som mål å få teke i bruk nynorsk programvare for Linux på nynorskskulane i staden for vanlege bokmålsprogram frå Microsoft, og prosjektet fekk i oktober 2001 kr 500.000 i støtte frå Utdannings- og forskingsdepartementet. Så langt har NIO vore i kontakt med ti skular, og prosjektet har ein ambisjøs plan om å nå fram til *alle* grunnskular og vidaregåande skular med nynorskelevar i løpet av ein fireårsperiode. Det er etablert eit samarbeid mellom ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” og NIO som mellom anna gjer at NNK vil kunna utnytta NIO-nettverket for å få kontakt med lærarar og nå fram til nynorskskulane med informasjon om den nynorske kunnskapsbasen.

## 2.7 ANDRE BRUKARGRUPPER – BRUKARGRANSKING

Bruken både av prenta og digitale oppslagsverk talar eit tydeleg språk om behovet. Bokmålsverket *Store Norske Leksikon* har selt i fleire hundre tusen eksemplar dei siste tiåra og er eit vanleg innslag i norske heimar, skular og bibliotek. *Norske Allkunnebok* har tidlegare hatt ein tilsvarande posisjon i nynorskområda. Det einaste norske allmenne gratisleksikonet på Internett, Caplex, har på eit par år etablert seg med høge og stigande brukartal.

Nynorskbrukarar saknar i dag ikkje berre det å finna digital leksikalsk informasjon på sitt eige språk. Eksisterande oppslagsverk og informasjonskjelder på bokmål manglar òg ei vidare kulturell referanseramme som nynorskbrukarar kjenner seg heime i. Nynorskbrukarar må kunna finna opplysningar i si eiga målform og kunna kjenna att si eiga omgrepsverd, sin eigen kulturelle kvardag og si eiga kulturhistorie. Dette stiller krav både til val av målform, formidlingsmåte og ikkje minst prioriteringar av stoffet og vinklinga på det som vert presentert.

Biblioteka er viktige stader for dei som søker informasjon, både skuleelevar, studentar og andre, og det vil vera svært viktig å kunna gjera NNK tilgjengeleg gjennom både folke-, fag- og forskingsbiblioteka. Sjølv om det har vorte stadig enklare å finna informasjon på Internett frå sin eigen PC, har ikkje behovet for rettleiing i å finna fram til den relevante informasjonen vorte mindre, snarare tvert om. Biblioteka er i ferd med å utvikla seg til moderne digitale kunnskapsbankar, og i den samanhengen er det både viktig at NNK er tilgjengeleg og at NNK kan vera eit hjelpemiddel for bibliotekarar som søker etter informasjon på og om nynorsk.

I arbeidet med prosjektet har det vore kontakt med ein del aktuelle brukarar frå ulike grupper, men det er ikkje gjort ei meir systematisk brukargransking. Eitt av tiltaka i eNoreg-planen til regjeringa er at det i løpet av 2002 skal ”gjennomføres en brukerundersøkelse i skole- og biblioteksektorene for å gi en indikasjon både på kildebehov som ønskes dekket gjennom digitale medier, og på optimal teknologisk plattform”.<sup>16</sup> Det er avgjerande at denne brukargranskinga også vert nytta til å kartleggja behovet for innhald på nynorsk, og verknadene av at nynorske ressursar i dag manglar.

I oppfølginga av prosjektet må det sameleis gjerast nærare brukargranskingar som tek sikte på å finna ut korleis NNK best mogleg kan tilpassast den aktuelle bruken.

## 2.8 EIN NY KANAL FOR NYNORSKBRUK

Røynselene frå andre media syner eintydig at der nynorsken slepp til er språket både funksjonelt og levande. Ei større satsing på ein nynorsk kunnskapsbase på Internett vil difor bli ein svært viktig dørøpnar for nynorskbruk i denne kanalen.

<sup>16</sup> Tiltak 4.1.2, *eNorge – tiltak*, Nærings- og handelsdepartementet 14.5.2002, <http://www.odin.dep.no/nhd>

Prosjektet "Nasjonal nynorsk kunnskapsbase" er sterkt brukarorientert. Det er behova til målgruppene for basen som er drivreima i prosjektet og styrande for utforminga og dei strategiske vala.

Samstundes vil etableringa av ein nynorsk kunnskapsbase også vera svært viktig for *produsentsida*. Gjennom ei kartlegging på ein del utvalde fagområde i 2000-2001, i fyrste rekkje humanistiske fag og samfunnsfag, fekk Samlaget raskt respons frå kring 470 vitskapleg tilsette på universitet og høøgskular som var interesserte i å gje ut lærebøker og akademisk litteratur på nynorsk. Dei nynorskbrukande fagfolka har jamt over større vanskar med å få bruka hovudmålet sitt i faglege samanhengar enn bokmålsbrukarane. Når ein nynorsk- og ein bokmålsbrukar skriv i lag, er det oftast nynorskbrukaren som byter språk. Nynorskbrukarar opplever også jamleg eit press frå forlag om å skriva fagbøker på bokmål av marknadsgrunnar, særleg når det er snakk om bøker som går inn i større verk. Når det gjeld oppslagsverk, har nynorskbrukarar berre reint unntaktsvis fått høve til å bruka sitt eige språk. Ynske om språkleg einskap har gjort at berre bokmål er brukt i dei fleste større norske oppslagsverk. I ein situasjon der norsk fagspråk er under aukande press frå engelsk, set dette nynorsk fagspråk under eit ekstra hardt press.

Ein nynorsk kunnskapsbase vil difor opna ein ny og svært viktig arena for bruk og dyrking av nynorsk fagspråk, særleg på dei fagfelta der nynorsk er mindre vanleg. Prosjektet vil gjera det mogleg for nynorskbrukande fagfolk å formidla kunnskap i møtet mellom fagspråk og allmennspråk, i ei stram og konsis form. Det vil stilla krav til fagmiljøa om å utvikla og dyrka nynorsk fagterminologi, og NNK har svært gode føresetnader for å kunna bli eit nytt tyngdepunkt for formidling av fagkunnskap på nynorsk og utvikling og formidling av nynorsk fagterminologi.

Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum står saman bak utviklinga og gjennomføringa av prosjektet "Nasjonal nynorsk kunnskapsbase". Partane gjorde i august 2001 ein intensjonsavtale om samarbeidet.

J.W. Cappelens Forlag AS er strategisk samarbeidspartnar og hovudleverandør av kjernestoff og tekniske og redaksjonelle løysingar. Samlaget/Nynorsk kultursentrum og Cappelen inngjekk i juni 2002 ein intensjonsavtale, og det vil bli etablert ein langsiktig samarbeidsavtale mellom partane om gjennomføringa av prosjektet.

#### 3.1 DET NORSKE SAMLAGET

Det Norske Samlaget vart skipa i 1868 og er sidan 1978 organisert som ei sjølveigande stifting som har til oppgåve å gje ut skrifter på nynorsk og norske målføre. Kjerneverksemda i forlaget er å få fram dei gode forfattarane og utvikla dei gode bøkene på ein slik måte at forlagsdrifta gjev langsiktig økonomisk avkastning i ein konkurranseutsett marknad.

Forlaget gjev i dag ut om lag 200 titlar i året fordelt på alle typar litteratur på nynorsk og norske målføre, læremiddel også på bokmål. Forlaget er organisert i to redaksjonelle einingar som har desse fem seksjonane: Skjønnlitterær seksjon, Sakprosaseksjonen, Skolebokseksjonen, Høgskoleseksjonen og Tidsskriftseksjonen. Hausten 2001 starta dessutan forlaget Blåmann Barnebokklubb. Skjønnlitterær seksjon gjev ut norsk og omsett skjønnlitteratur og barne- og ungdomslitteratur. Sakprosaseksjonen gjev ut fagbøker på områda kulturhistorie, historie og samfunn, humor, biografier, mat og drikke, dokumentar/samtid og språk/litteratur, med vekt på bøker med eit regionalt utgangspunkt. Undervisningssektoren gjev ut bøker for grunnskolen og den vidaregåande skolen. Høgskoleseksjonen gjev ut bøker for høgskole og universitetsnivå. Tidsskriftseksjonen gjev ut Syn og Segn. Forlaget gjev dessutan ut det vitskaplege tidsskriftet Maal og Minne i kommisjon.

Samlaget har eit stort nettverk av forfattarar og andre medarbeidarar spreidde over heile landet, og sender kvart år lønnsoppgåver til over 700 personar i meir enn 175 kommunar. Forlaget har ein høgt kvalifisert medarbeidarstab som omfattar 50 fast tilsette. I tillegg kjem lausmedarbeidarar og kunstnarar.

#### 3.2 STIFTINGA NYNORSK KULTURSENTRUM

Nynorsk kultursentrum (NK) eig og driv den nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet, eit dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur i Ørsta, og Dei Nynorske Festspela, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen. Stiftarane er 19 universitet, høgskular, fylkeskommunar, kommunar, nynorske institusjonar, føretak og organisasjonar. Ivar Aasen-tunet vart opna i juni 2000, medan Dei Nynorske Festspela har vore arrangerte årleg sidan 1992. Sidan opninga i 2000 har Nynorsk kultursentrum fram til utgangen av juni 2002 hatt over 48 000 gjester. Institusjonen har på kort tid etablert seg som ein viktig kulturstad, med 70 opne kulturarrangement og Dei Nynorske Festspela kvart år, ei omfattande basisutstilling om nynorsk skriftkultur der det dagleg kjem til noko nytt, eit bibliotek og arkiv som no inneheld om lag 30.000 trykte skrifter og fleire tusen handskrivne dokument, og med nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) som er under utvikling som eit digitalt dokumentasjonssenter.

Målet for NK er å gjera det lettare å vera nynorskbrukar, styrkja den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur. NK forvaltar spisskompetanse på dokumentasjon og formidling innanfor det vide feltet nynorsk skriftkultur. Jamleg oppdatering av den mest omfattande statistiske dokumentasjonen som finst for nokon skriftkultur i Europa, *Nynorske faktabok*, er ei av mange oppgåver for institusjonen. NK har vedtektsfesta eit nært samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda, og inngått

samarbeidsavtale med dei. Frå hausten 2002 gjev Ivar Aasen-instituttet tilbod om mastergradsstudium i nynorsk skriftkultur.

NK hadde i 2001 ei omsetning på nær 8 mill. kr. og sende lønnsoppgåver til over 100 personar i 30 kommunar. I tillegg kjem alle utøvarar som er sjølvstendig næringsdrivande. Innan utgangen av 2002 vil NK ha ti fast tilsette medarbeidarar.

### 3.3 J.W. CAPPELENS FORLAG AS

J.W. Cappelens Forlag A/S er Noregs eldste forlagshus, grunnlagt i 1829 av Jørgen Wright Cappelen. Fram til 1987 var Cappelen i familiens eige. Då vart forlaget kjøpt av det svenske forlagshuset Bonnier som eig 100% av aksjane.

Det er i dag fem sektorar i Cappelen-gruppa: Litterær sektor, Faktasektor, Undervisningssektor, Cappelens Bokklubber og Sentraldistribusjonen. Litterær sektor gjev ut bøker innan norsk og omsett skjønnlitteratur, generell litteratur og barne- og ungdomslitteratur. Forlagets faktasektor gjev ut leksikon, oppslagsbøker og kart, og fagbøker innan emna historie og samfunn, hobby og fritid, natur og friluftsliv, mat og drikke, hus og heim, og ferie og reisebøker. Undervisningssektoren gjev ut bøker for grunnskulen, vidaregåande skule, og bøker for høgskule og universitetsnivå (Cappelen Akademisk Forlag).

### 3.4 NYNORSKE KUNNSKAPS- OG KOMPETANSEMILJØ

Det har dei siste åra vorte lagt aukande vekt på å samordna dei nynorskbrukande institusjonane og miljøa innanfor og utanfor målrørsla.

*Nynorsk Forum* er det fremste organiserte uttrykket når det gjeld den organiserte målrørsla. Nynorsk Forum vart skipa i januar 1997, i kjølvatnet av Ivar Aasen-året, som eit samarbeidsorgan for dei daglege leiarane i institusjonane og organisasjonane i målrørsla. Forumet har i dag 15 medlemmer<sup>17</sup> og møtest 4-5 gonger i året. Det har etablert seg som eit viktig organ for arbeidsdeling og samordning av aktivitet, politiske strategiar og ikkje minst kontakt mot styresmaktene. Problemstillingar kring nynorsk leksikon og nasjonale kunnskapsbasar vert jamleg drøfta i forumet.

Går ein utanfor det ein tradisjonelt har rekna som målrørsla, finn ein ei rad sterke kompetansmiljø som hovudsakleg eller heilt og full brukar nynorsk. Den følgjande gjennomgangen tek føre seg dei viktigaste institusjonane innanfor media, informasjonsteknologi og kulturformidling.

*Høgskulen i Volda* har med Ivar Aasen-instituttet i spissen fått ein langt viktigare posisjon for nynorsk skriftkultur dei siste åra, dels formelt gjennom knutepunktfunksjonen i nynorsk skriftkultur og mastergradsstudiet, men òg uformelt på tvers av faggrenser. Til dømes er medielina i Volda svært viktig for nynorsk som mediespråk.

I *Førde* arbeider NRK Sogn og Fjordane for å bli eit nynorsk kompetansesenter både i og utanfor NRK. Distriktskontoret i Førde har frå 1990 til 2001 medvite rekruttert og lært opp over 50 nynorskbrukande journalistar som i dag er i riksmidia og brukar nynorsk. Gjennom rekrutteringsprogrammet og det daglege arbeidet har distriktskontoret den mest omfattande opplæringa av nynorskjournalistar som finst. NRK Sogn og Fjordane er dessutan ein stor leverandør av innslag og program på nynorsk til riksnettet i NRK og produserer barneprogram på nynorsk. NRK Sogn og Fjordane har den høgaste lyttaroppslutninga av alle DK i landet (50 %). Utgangspunktet for planen om eit kompetansesenter er å kunna bruka røynsleane med og

---

<sup>17</sup> Bondeungdomslaget i Oslo, Dag og Tid, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Heimen, Ivar Aasen-instituttet, Kringkastingsringen, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag, Norsk Barneblad, Norsk Målungdom, Norsk Ordbok, Norske Lagsbruk, Nynorsk kultursentrum, Nynorsk pressekontor og Riksfondet for nynorsk presse.

kompetansen i nynorsk til kommersiell innhaldsproduksjon av ymse slag, til nytte både for private og offentlege verksemdar. Også ved dei andre NRK-kontora i nynorskområdet er det ein verdfull nynorskkompetanse og ressursar som må sjåast i denne samanhengen.

På *Sandane* er det under skiping eit ressurscenter for nynorskopplæring for innvandrarak i kjølvatnet av at Gloppen Opplæringscenter fekk tildelt eit nasjonalt ansvaret for å utvikla læremiddel på nynorsk for framandspråklege frå Læringscenteret.

I *Sogndal og Leikanger* er det etablert ein høg IKT-kompetanse, ikkje minst innanfor offentleg informasjon, digital kulturformidling og reiseliv. Sentrale institusjonar er Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforsking, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune (fylkesarkivet). Styrken til dette miljøet har gjort at det nasjonale ansvaret for nettstaden noreg.no og viktige funksjonar for Statens informasjonsteneste er plassert hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane har vore heilt i spissen i etableringa av regionale kulturelle ressursar på Internett.

*Nynorsk inn i IKT-opplæringa* er eit stort prosjekt med utspring på Høle barne- og ungdomsskule i Sandnes, Rogaland. Fire skular i fylket har gått saman om eit prosjekt (oppstart hausten 2001) som har som målsetjing å få teke i bruk nynorske Linux-program på alle nynorskskular i landet. Prosjektet samarbeider nært med det Oslo-baserte prosjektet Skolelinux/Skulelinux som har som målsetjing å tilby gratis Linux-program til alle norsk skular på bokmål, nynorsk og i så stor grad som mogleg samisk.

Det har vore uformelle drøftingar med sikte på å styrkja nettverket mellom dei nynorskbrukande kunnskaps- og kompetansmiljøa, mellom anna med tanke på ei effektiv arbeidsdeling og utveksling av ressursar og kompetanse. Det er teke kontakt med fleire av desse institusjonane og miljøa i arbeidet med prosjektet,<sup>18</sup> og initiativet om ein "Nasjonal nynorsk kunnskapsbase" vert helse eintydig velkomen. NNK vil her ha svært store og gode ressursar og nettverk å spela på, og omvendt vil NNK få positive ringverknader i desse miljøa og verka som ein pådrivar for den samordninga og arbeidsdelinga som er i gang.

Alt tyder såleis på at NNK vil kunna få ein viktig kulturpolitisk funksjon i å styrkja eit breitt nynorskbrukande nettverk, og ikkje minst ein viktig distriktspolitisk funksjon i å vera med på å styrkja desentraliserte kompetansmiljø i nynorskområda.

---

<sup>18</sup> Det er gjort nærare greie for denne kontakten i vedlegg 3.



### 4.1 MÅLGRUPPER OG MÅLSETJINGAR

Ut frå behovsanalysen vil dei viktigaste målgruppene for ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” vera:

1. Grunnskuleelevar i nynorskkommunane frå 1. til 10. årssteg, med vekt på 5.-10. årssteg
2. Elevar i den vidaregåande skulen med nynorsk som hovudmål
3. Elevar med bokmål som hovudmål på ungdomssteget og i den vidaregåande skulen som treng nynorsk kunnskapsstoff i samband med nynorskopplæringa
4. Vaksne nynorskbrukarar
5. Alle brukarar av leksikon/kunnskapsbasar, uavhengig av målform, som er ute etter informasjon på dei felte der NNK er særleg sterk, til dømes lærarar på alle nivå og journalistar

Ein viktig kanal for NNK vil vera biblioteka – både skulebibliotek, folkebibliotek og fagbibliotek. Dette er likevel ikkje rekna som ei eiga målgruppe, men som ein kanal til dei aktuelle målgruppene.

Med utgangspunkt i dei nemnde målgruppene bør NNK særleg utviklast med i målsetjing om å bli:

1. fyrstevalet for nynorskelevar som driv med tema- og prosjektarbeid
2. fyrstevalet for nynorskbrukarar som søker påliteleg og oppdatert allment kunnskapsstoff på nynorsk
3. fyrstevalet for alle som søker spesialisert informasjon om dei emna NNK tek særleg mål av seg til å vera sterk på
4. den beste inngangen til kvalitetssikra nynorske ressursar på Internett
5. den primære kanalen for alle som ynskjer å formidla digitalt kunnskapsstoff på nynorsk
6. eit kraftsentrum for utvikling av nynorsk fagspråk, formidling av kunnskapsstoff på nynorsk og oppbygging av nynorskbrukande kunnskaps- og kompetansenettverk

I målgruppene 1, 2 og 4 finn ein primærbrukarar av nynorsk, i gruppe 3 og 5 finn ein sekundærbrukarar (jf. definisjonar i kap. 2.3). Basen skal såleis fyrst og fremst rettast inn mot primærbrukarane, men det er også ei sentral målsetjing å etablera NNK som så god på ein del felt at han vil vera eit fyrsteval også for bokmålsbrukarar på utvalde felt.

Innanfor omsyna som ligg i dei nemnde målsetjingane og tilpassinga til dei aktuelle målgruppene, bør NNK også utformast med sikte på:

- ei mest mogleg effektiv og økonomisk utnytting av nynorske kunnskapskjelder som alt er tilgjengelege
- ein fleksibel teknologisk plattform som gjer det enkelt å utnytta stoffet i andre samanhengar seinare
- ein open struktur som inviterer til ei kontinuerleg utviding av basen av dei som måtte ynskja å delta i prosjektet
- å leggja til rette for å gjera stoffet tilgjengeleg gjennom ein eventuell nasjonal kunnskapsportal eller andre offentlege samordningstiltak

Det må likevel strekast under at NNK må prosjekterast med tanke på å kunna etablerast uavhengig av om og når ein nasjonal kunnskapsportal vert realisert.

### 4.2 TO STOLPAR: ”SAMLEX” OG ”NETTBIBLIOTEKET”

Ei svært viktig side ved ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” er å dekkja det behovet som brukarane har for å kunna finna leksikalsk organisert og redigert informasjon på nynorsk.

Samstundes bør NNK også kunna dekkja behovet for informasjon som ikkje utan vidare går inn i ein leksikalsk struktur. Til dømes bør ein brukar som er ute etter stoff om Arne Garborg, også kunna finna sentrale skrifter av Garborg – det er denne samlinga av ulike kunnskapsressursar som skapar ein dynamisk *kunnskapsbase* og ikkje eit meir tradisjonelt statisk *leksikon*.

Det er difor ynskjeleg at NNK vert organisert i to stolpar, ein leksikalsk base (med arbeidstittel ”Samlex”) og ei digital tekstsamling (med arbeidstittel ”Nettbiblioteket”). Dei bør stå fram som to ulike nettstader, men elles vera tett bundne saman, både grafisk, teknologisk, strukturelt og organisatorisk, med integrerte søkjefunksjonar og utstrekt lenking.

Samlex og Nettbiblioteket kan reknast som to ulike prosjekt og gjennomførast kvar for seg om ein ynskjer det. Det er også skilt mellom dei to tiltaka i budsjettet. Når dei her likevel vert rekna som to delprosjekt innanfor ein større paraply, NNK, er det fordi:

- NNK vil svært sannsynleg etablera seg som ei sentral nynorsk informasjonskjelde på Internett, som elles har lite kvalitetssikra nynorsk innhald, og NNK må difor rekna med å trekkja til seg brukarar som er ute etter mangt slags nynorsk stoff uavhengig av korleis det er organisert. Ei samordning av Samlex og Nettbiblioteket vil gjera det enklare for NNK å oppfylle ein funksjon som ein kraftfull nynorsk kunnskapsbase og nettportal.
- Samlex og Nettbiblioteket vil ha eit innhald som gjer at dei utfyller kvarandre i svært stor grad, og samordninga vil bli betre, enklare og meir kostnadseffektiv om dei går inn under den same satsinga.

#### 4.3 BRUKARTILPASSING OG KVALITETSSIKRING

Det er avgjerande at NNK held ein høg kvalitet, både når det gjeld innhald, tilpassing til brukarane og driftstryggleik. Internettbrukarar vert meir og meir dyktige og kvalitetsmedvitne, og det vil vera svært uheldig om NNK står fram som ei dårleg teneste. Eit dårleg fyrsteintrykk vil vera vanskeleg å retta opp.

Mindretalsposisjonen til nynorsk gjer dette endå viktigare. Denne mindretalsposisjonen har alltid tvunge nynorskbrukarar til å prestera minst like godt som bokmålsbrukarar for å bli aksepterte, og dårleg kvalitet på nynorsk har hatt ein tendens til å bli utnytta av dei som påstår at språket er mindre funksjonelt og dugande enn bokmål (og engelsk). Målpolitisk vil det difor vera svært skadeleg om NNK står fram som ein mindreverdige teneste.

Mest avgjerande er det at NNK har eit *innhald* som er omfattande nok og held mål kvalitativt. Forlag og kulturinstitusjonar som Samlaget og Nynorsk kultursentrum har ei lang og sterk røynsle i innhaldsproduksjon og kvalitetssikring av språk og innhald, til skilnad frå mange nyare foretak innanfor IT-sektoren.

Dei største utfordringane vil dermed vera å formidla innhaldet på ein ny måte og i eit medium som institusjonane har mindre røynsle med enn andre formidlingsmåtar, sjølv om det må presiserast at institusjonane også har bygt opp kompetanse og røynsle på IT-/Internett-formidling dei siste åra. noreg.no har i samarbeid med Vestlandsforskning gjennomført eit større prosjekt med kvalitetsmerking og evaluering av offentlege vevtenester, og Statskonsult har utarbeidd kvalitetskriterie for slike tenester som byggjer på evalueringsarbeidet som vert gjort.<sup>19</sup>

Desse kriterie bør leggjast til grunn for planlegginga av NNK, og det bør etablerast kontakt med miljøa som står bak kvalitetssikringsarbeidet (Statskonsult, noreg.no, Vestlandsforskning) med sikte på å kunna byggja på dei røynslene som er gjorde.

#### 4.4 SAMARBEID MED CAPPELEN

Det har ved tidlegare høve vore vurdert å byggja opp eit nynorsk leksikon frå botn. Framgangsmåten som har vore drøfta, er å digitalisera og revidera artiklane i *Norsk Allkunnebok*

<sup>19</sup> *Kvalitetskriterier for offentlige webtjenester*, Statskonsult 29.4.2002, <http://www.kvalitetpaanett.net/Kvalitetskriterier.htm>

(1948-1966). Den leksikalske basen måtte så bli bygd ut vidare ved å engasjera det breie nettverket av nynorskskrivande fagfolk som Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum samla disponerer. Det er ikkje gjort overslag over kostnadene med denne framgangsmåten, korkje tidlegare eller i arbeidet med prosjektet, men det er liten tvil om at storparten av stoffet måtte nyskrivast.

Derimot er det i arbeidet med prosjektet rekna ut kva det vil kosta å etablere eit *nettleksikon* tilsvarande Caplex frå botn. Dette er jamført med kva det vil kosta å laga ein fullverdig nynorskversjon av Caplex i ei samarbeidsløysing med Cappelen, og konklusjonen er at ein på denne måten kan få ein nynorsk versjon for brøkdelen av kva det vil kosta å utvikla han frå botn. Det er gjort detaljert greie for utrekninga i vedlegg 4.

I staden for å leggja ned store ressursar i ein relativt avgrensa grunnbase, ein teknisk infrastruktur og grunnleggjande driftskompetanse, kan heller hovuddelen av ressursane ved ei samarbeidsløysing brukast på ei vidare utbygging og utdjuping av *innbaldet* i kunnskapsbasen. Det er til dømes ikkje vidare rasjonelt å setja seg ned og nyskriva på nynorsk dei mange tusen artiklane om teknologi og naturvitskap som Caplex i dag inneheld. Då gjev det langt meir uttelling frå ein nynorsk ståstad å kunna setja inn ressursane på å produsera utdjupande stoff med eit nynorsk perspektiv på til dømes språk, kultur, historie og samfunn.

Det er også andre store føremoner med å ta utgangspunkt i Cappelen og Caplex. Cappelen har opparbeidd seg ein stor redaksjonell og teknisk kompetanse på leksikonutgjeving, både på papir og digitalt, som vil vera svært nyttig for NNK både i startfasen og i det vidare samarbeidet mellom dei redaksjonelle miljøa.

Caplex har òg gjennom eit par år på Internett etablert seg som ein svært mykje brukt nettstad med sterk auke i trafikken. I april 2002 hadde Caplex i snitt 30 000 sidetreff dagleg, og oppunder 1 million i løpet av månaden. Eitt sidetreff er då rekna som det som logisk står fram som ei nettside for brukaren. Talet på besøk (innlogging) var i same periode i snitt 3000 per dag (100 000 per måned), men dette talet skil då ikkje mellom ein brukar som er inne ein gong og slår opp éi side på ein dag, og ein skule som loggar seg inn om morgonen og der ei rad ulike elevar gjer mange oppslag utover dagen. Talet på unike brukarar (ulike IP-adresser) var 50 000 i same periode (april 2002). Dette talet fangar ikkje opp at det kan skjula seg fleire ti- og hundretals brukarar bak kvar IP-adresse, td. på skular.

Den posisjonen og trafikken om Caplex alt har opparbeidd seg, vil gje ein nynorsk kunnskapsbase som byggjer på Caplex, ein svært god start jamført med å måtta opparbeida den same trafikken frå botn.

Samlaget/Nynorsk kultursentrum og Cappelen gjorde i juni 2002 ein intensjonsavtale om å samarbeida om utviklinga av ein nynorsk kunnskapsbase der mellom anna spørsmål kring opphavsrettar til standardartiklane er avklara. Det er sterkt å rå til at dette samarbeidet vert ført vidare og utvida med sikte på at Samlaget/NK eksklusivt får rettane til å laga ei nynorskutgåve av Caplex, at Cappelen tek seg av drift og vedlikehald, og at det vert etablert eit redaksjonelt samarbeid som sikrar at NNK får nytta godt av den kompetansen Cappelen har bygt opp gjennom mange år. Samarbeidet må òg sikra at bae språkversjonane vert oppdaterte parallelt.

Samstundes må det understrekast at ei omsetjing av dagens Caplex til nynorsk *ikkje i seg sjølv er tilstrekkeleg eller ei hovudsak* ved det å få etablert ein nynorsk kunnskapsbase. Hovudsiktemålet med denne løysinga må vera *raskast og billegast mogleg å koma fram til det punktet der utviklinga av ein sjølvstendig og særmerkt nynorsk kunnskapsbase kan ta til.*

## 5.1 HOVUDPRINSIPP FOR ORGANISERING, UTVAL OG PRESENTASJON

### 5.1.1 REDAKSJONELLE SATSINGSFELT

”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” skal både vera ein kunnskapsbase *på nynorsk og om nynorsk*. NNK skal prinsipielt vera like allmenn som kunnskapsbasar på bokmål og andre språk ved å innehalda påliteleg og oppdatert informasjon over eit breitt spekter av fagområde og samfunnsfelt. At stoffet er på nynorsk, vil ikkje i seg sjølv seia at basen er meir eller mindre allmenn eller snever enn ein base på bokmål eller engelsk.

Ut over å ta vare på kravet om påliteleg og oppdatert allmenn informasjon, bør NNK leggja vekt på å bli svært god på ein del viktige felt framfor å ha ei målsetjing om å bli halvgod på alle. Eit sjølv sagt felt å bli god på, er stoff *om nynorsk skriftkultur* i vid meining og ta vare på den svært viktige kulturpolitiske funksjonen det er å gje denne skriftkulturen ein ny kanal ut i ålmenta. Nynorsk skriftkultur kan likevel berre vera eitt av fleire felt NNK må etablera seg som god på. Det bør, særleg i etableringsfasen, peikast ut ein del satsingsfelt der ressursane i innhaldsproduksjonen vert sette inn. Dei utvalde satsingsfeltene nedanfor spring fyrst og fremst ut frå behova til målgruppene. Men det er også teke omsyn til kva det finst mest stoff om på nynorsk i utgangspunktet, kva typar informasjon som er lettast tilgjengeleg, og kvar dei involverte aktørane har dei sterkaste sidene sine.

Satsingsfeltene for NNK bør vera:

1. norsk språk og norsk litteratur (norskfaget)
2. norsk historie, kultur og tradisjonar (m.a. tradert kultur)
3. regional og lokal informasjon
4. språklege og kulturelle tilhøve globalt
5. media og informasjonsteknologi
6. nynorsk skriftkultur
7. samisk språk, kultur, historie og samfunn

NNK må redigerast ut frå eit overordna omsyn om å vera ein *nasjonal* base, på nynorsk og med nynorskbrukarens perspektiv i botn. Det må liggja til grunn for den redaksjonelle lina at den vanlege nynorskbrukaren skal kjenna seg heime, både i den måten stoffet vert presentert på og gjennom det utvalet av informasjon ein får tilgjenge til. Den nynorske skriftkulturen har sine eigne referanserammer som dei eksisterande oppslagsverka på bokmål berre i liten grad fangar opp. Nynorskbrukarar må finna opplysningar om den målforma dei sjølve brukar, sin eigen kulturelle kvardag, si eiga kulturhistorie og si eiga omgrepsverd. Den beste garantien for å få til dette, er at dei som står bak NNK er tunge nynorskinstitusjonar som spring ut av desse kulturelle referanserammene og har lang røynsle i å formidla dei

### 5.1.2 REGIONAL OG LOKAL INFORMASJON

Styrken når det gjeld regional og lokal informasjon er særleg avgjerande for å kunna samordna målsetjingane om å vera ein *nasjonal* base, både i tydinga ’det som skjer på riksplan’ og i tydinga ’ein kunnskapsbase for heile landet’. Leksikon og kunnskapsbasar på bokmål har gjerne vore for svake når det gjeld å vera nasjonale i den siste tydinga av omgrepet ved at hovudstadsperspektivet har vore dominerande.

NNK bør leggja særleg vekt på å ha med informasjon som er aktuell for ulike landsdelar og regionar, td. om personar, organisasjonar, institusjonar og bedrifter som har spela ei særleg viktig regional rolle. Informasjon som ein ikkje ville prioritert ut ifrå i eit Oslo-perspektiv på kva som er nasjonalt relevant, kan vera svært viktig dersom ein legg til grunn ein regional synsstad som svært mange av brukarane vil ha. NNK bør ha som ambisiøst mål å bli den sjølv sagde nasjonale kunnskapsportalen for dei som leiter etter kvalitetssikra leksikalsk lokal og regional informasjon

på Internett, og fyrstevalet for alle som sit med godt lokalt og regionalt innhald som dei ynskjer å formidla på ein nasjonal arena.

Heile landet skal vera godt representert i basen. Samstundes er det naturleg at ein i fyrste omgang legg noko større vekt på stoff frå dei områda der nynorsk er eller har vore i bruk. Det er her dei fleste aktuelle brukarane av NNK held til, og det er frå desse områda det i utgangspunktet er mest stoff tilgjengeleg på nynorsk.

### 5.1.3 FORMIDLING

Det bør vera eit eige satsingsfelt å presentera og formidla informasjonen på ein måte som er særleg lagt til rette for elevar frå 1. til 10. årssteget i grunnskulen og elevar i vidaregåande skule.

I presentasjonen for alle målgrupper bør det leggjast stor vekt på at ein raskt og gjennom ei avgrensa tekstmengd skal kunna få med seg den sentrale budskapet. Deretter skal ein sjølv kunna velja ei stegvis utdjuping av emnet. Ein må vera medviten på å unngå problemet ein ofte møter på søkjemotorar og store leksikon og kunnskapsbasar på Internett der brukaren kan oppleve å drukna i informasjon. Når ein oppsøker eit nettleksikon i staden for ein vanleg søkjemotor på Internett, er ein av grunnane at ein vil ha rask tilgang til kvalitetssikra og avgrensa informasjon.

## 5.2 "SAMLEX"

"Samlex" er tenkt som eit internettleksikon, bygt opp og redigert som ein dynamisk digital kunnskapsbase. Innhaldet kan delast i desse hovudtypane (tala gjeld budsjetterte målsetjingar for prosjektperioden 2002-2005):

1. *Standardartiklar*: kring 65 000 korte leksikonartiklar
2. *Utdjupingsartiklar*: kring 120 000 kortare artiklar frå eksisterande oppslagsverk og 3000 lengre nyskrivne artiklar
3. *Eksterne ressursar*: vil bli tilknytte på to måtar – gjennom vanlege peikarar (lenkjer) til eksterne nettsider, og gjennom integrert søking i eksterne nettbasar

Innhaldet vil bli bunde saman av ein *nøkkel* som saman med ein godt utbygd søkjefunksjon gjer det enkelt å finna fram i stoffet. Søkjefunksjon og funksjonalitet er omtala i neste hovudkapittel.

*Oppslagsord* er nedanfor brukt om det som i eit prenta oppslagsverk står fremst i artikkelen med feit skrift. Digital formidling opnar for at ein kan gjera oppslag ved fritekstsøk på eit ordtilfang som i prinsippet er uendeleg, i motsetnad til *oppslagsorda* som utgjer ei avgrensa liste med ord som det er knytt artiklar til. For å skilja desse to omgrepa, vert ord ein søker på i fritekstsøk omtala som *søkjeord*.

### 5.2.1 STANDARDARTIKLANE

Standardartiklane i basen tek utgangspunkt i Cappelens digitale eittbandsleksikon Caplex. Leksikonet omfattar kring 65 000 oppslagsord/artiklar som vil bli omsette til nynorsk.

Standardartiklane skal dekkja behovet for faktainformasjon og definisjonar av omgrep og nemningar, og presenterer allmennkunnskap på norsk. Det er lagt stor vekt på stoff om Noreg og norske forhold. Dei fleste artiklane er kortfatta og har ei konsis og faktaorientert form.

45 000 av artiklane er henta frå bokutgåva av Caplex, og desse artiklane er i snitt på 234 teikn. I samband med den nye utgåva hausten 2001 var heile 80 % av artiklane til gjennomsyn og revisjon hjå fagkonsulentar, og desse revisjonane og oppdateringane er no også implementerte i nettutgåva.

20 000 av artiklane i Caplex-basen er *spesialartiklar* med forklaringar av forkortingar og latinske ord og omgrep, og artiklar om litteratur, kunst og geografi. Dei er noko kortare enn

standardartiklane. Drygt 7000 av desse spesialartiklane er konstruerte som ei geografisk spesifisert tidslinje der ein kan gå kronologisk gjennom opplysningar om eit land eller eit emne i den perioden ein måtte ynskja.

Heile Caplex-basen bør omsettast til nynorsk, og det bør leggjast vekt på at nynorsk- og bokmålsversjonane av standardartiklane skal bli haldne identiske også gjennom det løpande oppdateringsarbeidet. Det er viktig at brukaren kjenner seg trygg på at ein får nøyaktig den same informasjonen i ein standardartikkel på nynorsk (i Samlex) som på bokmål (i Caplex).

Samstundes bør samarbeidet med Cappelen ta sikte på å styrkja standardartiklane i båe språkversjonane og dermed styrkja heile den norske leksikontradisjonen. Artiklane i Caplex er dels svært knappe, og faktaorienteringa kunne i ein del tilfelle vorte supplert med noko meir vurderande stoff. Caplex-omtala av Kjartan Fløgstad skal få stå som eit døme:

**Fløgstad, Kjartan**, f. 1944, forfatter. Debut med diktsamlingen *Valfart* (1968). Romaner: *Rasmus* (1974), *Dalen Portland* (1977, Nordisk Råds litteraturpris 1978), *Fyr og flamme* (1980, Kritikerprisen), *U3* (1983), *Det 7. klima* (1986), *Kniven på strupen* (1991), *Fimbul* (1994) og *Kron og mynt* (1998, Brageprisen). Også bl.a. essays, kortprosa, reiseskildringer, sakprosa, kriminalromaner (psevd. K. Villum og K. Villun), dikt og gjendiktningar. Claes Gill-biografien *Portrett av eit magisk liv* (1988). Bygger mye av sitt forfatterskap på erfaring som sjømann og industriarbeider.

I slike tilfelle kunne det vore ynskjeleg med ei kort vurdering av forfatterskapen og at ein har å gjera med ein av Noregs fremste nolevande forfattarar og kanskje den aller fremste nynorskforfattaren. Det må også leggjast til at omtala av Fløgstad er på kring 500 teikn, altså dobbelt så mykje som gjennomsnittslengda på artiklane. Samarbeidet bør ha som utgangspunkt at innhaldet i standardartiklane ikkje er gjeve ein gong for alle, men at dei skal utviklast vidare. Slik kan den samarbeidsmodellen som vert tilrådd òg vera til glede for Caplex-brukarane.

Gjennom samarbeidet kan det vera aktuelt å utvida talet på standardartiklar. Desse *tilleggsartiklane* vil då ha same form og omfang som standardartiklane elles, og i tillegg til å gå inn i Samlex-basen på nynorsk, vil dei også bli omsette til bokmål og gå inn i Caplex-basen. Denne framgangsmåten er aktuell i tilfelle der Caplex-redaksjonen ynskjer å ta inn artiklar som Samlex-redaksjonen vil ha med. Ut over dette må kvar av redaksjonane ha eit høve til å ta med dei artiklane dei sjølve måtte ynskja, men det bør vera eit mål for samarbeidet at ein klart definert kjerne med standard- og tilleggsartiklar er identisk på nynorsk og bokmål.

For å gjera samarbeidet mest mogleg effektivt og straumlineforma, må det gjerast klart kva ansvar og fullmakter dei to redaksjonane har når det gjeld dei ulike delane av innhaldet, og korleis oppdateringsarbeidet kan samkøyrast best mogleg. Drøftingane så langt tyder ikkje på at denne grenseoppgangen vil by på problem.

## 5.2.2 UTDJUPINGSARTIKLAR

Medan standardartiklane skal gje ei rask og oversynleg fyrste innføring i eit breitt utval emne, skal utdjupingsartiklane gje brukaren grundigare informasjon. Det kan både skje gjennom lengre allmenne artiklar som tek føre seg mange sider av emnet, eller kortare artiklar som tek føre seg ei spesiell side. Den prioriterte lista over satsingsfelt bør særleg bli lagt til grunn for arbeidet med utdjupingsartiklane – det er her dei særleg sterke sidene til Samlex skal koma til syne.

Allmenne krav til utdjupingsartiklane bør vera at dei:

- høyrer til innanfor prioriterte satsingsfelt
- er skrivne på nynorsk (bokmål berre ved svært spesielle unntak)
- har ei leksikalsk form
- er fagleg kvalitetssikra
- har eit godt språk (lærebokkvalitet)


Artiklane må vera leksikalsk oppbygde, men bør likevel kunna ha ei meir mangfaldig form enn standardartiklane, det kan både seia variasjon i lengd og større opning for personleg skrivemåte.

Samlex-redaksjonen bør på sjølvstendig grunnlag avgjera kva for utdjupingsartiklar som skal vera med, men det vil vera aktuelt at det redaksjonelle samarbeidet med Cappelen også femner om ei rasjonell arbeidsdeling om utdjupingsstoffet slik at ein unngår overlapping og dobbeltarbeid. Såleis bør det leggjast til grunn som ein hovudregel at utdjupingsartiklar i Samlex og Caplex ikkje vert omsette til den andre målforma. Utdjupingsartiklar frå den eine basen bør likevel vera tilgjengelege frå den andre plattformen for å gje både Caplex- og Samlex-brukarar eit breiast mogleg tilfang.

I presentasjonen må det gå klart fram kva som er standardartiklar og kva som er utdjupingsartiklar slik at brukaren ikkje er i tvil om kva nivå ho er på.

Samlaget og Nynorsk kultursentrum har eit stort nettverk av fagfolk og ein stor portefølje av bøker og verk innanfor dei prioriterte satsingsfeltene i NNK som saman vil danna grunnlaget for dei utdjupingsartiklane som må redigerast eller nyskrivast. Utdjupingsartiklane vil dels vera artiklar frå eksisterande oppslagsverk, og dels nyskrivne artiklar. Innanfor dei prioriterte satsingsfeltene er det budsjettert med å nytta *ni* oppslagsverk med til saman 120 000 oppslagsord/artiklar. Vidare er budsjettert med 3000 nyskrivne utdjupingsartiklar på 2000 teikn kvar. Dei vert dermed ein god del lengre enn artiklane som vil vera henta frå eksisterande oppslagsverk. I tillegg er det lagt opp til at *Nynorskordboka* med 90 000 oppslagsord skal vera tilgjengeleg frå Samlex i ei integrert løysing. *Nynorskordboka* har alt i nokre år vore tilgjengeleg på nettet (Universitetet i Oslo). Det er gjort detaljert greie for oppslagsverk og emne for nyskrivne artiklar i vedlegg 2.

Når det vert nytta artiklar frå eksisterande oppslagsverk, bør det gå klart fram i presentasjonen kva verk artikkelen er henta frå. I særtilfelle bør ein kunna opna for signerte artiklar.



### 5.2.3 EKSTERNE RESSURSAR

Med eksterne ressursar er det meint stoff som DNS/NK ikkje sjølv har rettane til og som ligg på andre nettstader. Det er tre aktuelle bruksmåtar for dette stoffet:

#### 1. Utdjupingsartiklar

Det vert etablert eit samarbeid med eksterne leverandørar som tek sikte på å utvikla utdjupingsartiklar som fysisk vert lagra i Samlex-basen. Dette kan både vera snakk om nyskriving/nyredigering av stoff, og om å bruka stoff som alt er utvikla til andre føremål.

#### 2. Tradisjonelle lenkjer

Caplex har i dag ca 2000 lenkjer til eksterne nettstader (attåt 14 000 interne lenkjer mellom artiklane) som vil følgja med over i Samlex. Ein bør her særleg ta mål av seg til å byggja ut lenkjene på dei felte basen skal vera særleg sterk. Slik tradisjonell lenking krev ei redaksjonell vurdering, er arbeidskrevjande og krev heile tida oppfølging og oppdatering. Kontroll av lenkjerote (at lenkjene peikar til sider som ikkje eksisterer) kan likevel i stor grad automatiserast. Tradisjonell lenking krev i dei fleste tilfella ikkje spesiell avtale med rettshavaren til sida det vert peika til.

#### 3. Kopling til eksterne søkjemotorar og basar

Mykje av den aktuelle informasjonen ligg likevel i databasar, truleg meir og meir, der tradisjonell lenking ikkje strekkjer til. Det bør vera eit mål at tilgangen til eksterne ressursar i så stor grad som mogleg skal skje gjennom dynamiske og integrerte søkjesystem. Søk i aktuelle basar må kunna gjerast direkte frå Samlex, og i størst mogleg grad må presentasjonen av treffa òg kunna gjerast i Samlex-skjermiletet. Den redaksjonelle meirverdien i Samlex vil i stor grad gå ut på å fortelja brukaren kva som er den mest relevante eksterne basen for det bestemte søket. Slike redaksjonelle vurderingar av kompetente folk vil det alltid vera bruk for, same kor gode søkjemotorane vert. I ein del tilfelle trengst det ikkje spesiell avtale med dei eksterne nettstadene, men i nokre tilfelle vil det vera naudsynt, særleg når det trengst spesiell teknisk tilrettelegging på den nettstaden ein hentar informasjon frå.

I samband med prosjektarbeidet har det vore uformell kontakt med ein del aktuelle samarbeidspartnarar. Det er behov for nærare drøftingar om kva stofftypar og stoffmengder som kan vera aktuelle, og om kva samarbeidsmodellar som bør veljast. Hausten 2002 bør det takast ny kontakt med dei aktuelle samarbeidspartnarane med sikte på å få etablert intensjonsavtalar.

Så lenge ein offentleg nasjonal kunnskapsportal og sams standardar ikkje er på plass, bør NNK avgrensa ambisjonane når det gjeld lokal og regional informasjon til eit prøveprosjekt.

I fyrste omgang bør det etablerast to prøveprosjekt. Det eine bør vera med *Norsk Ordbok*, med sikte på å kunna utnytta og formidla dei store språkressursane som dette store nasjonale ordboksverket alt sit på og vil utvikla vidare fram mot ferdigstillinga av ordboka i 2014. Det andre bør vera med ulike samarbeidspartnarar i *Sogn og Fjordane*, med sikte på å kunna formidla ein del lokale og regionale ressursar som er bygde opp gjennom fleire år av ulike aktørar. Sogn og Fjordane er i dag det fremste fylket i landet når det gjeld koplingar mellom IT, offentleg informasjon og kultur, og det er det sterkaste nynorskfylket.

I vedlegg 2 og 3 er det gjeve ei oversikt over aktuelle eksterne ressursar, samarbeidspartnarar og resultatet av dei uformelle drøftingane.

### 5.2.4 BILETE, LYD OG VIDEO

Caplex har i dag kring 4700 bilete, 300 kart og 2000 nettlenkjer. Alt dette vil også vera tilgjengeleg frå dei nynorske standardartiklane i Samlex.

Det er lagt opp til å ta inn kring 1500 nye bilete i samband med dei nyskrivne utdjupingsartiklane.



Det er i denne omgangen ikkje vurdert å ta inn lyd og video. Ein viktig grunn er at fleirtalet av norske skular og storparten av private internettbrukarar framleis har så låg overføringskapasitet at ein har lite nytte og glede av å ha tilgjenge til lydskutt og særleg til levande bilete. Dette vil endra seg i takt med breibandutbygginga. I oppfølginga av prosjektet bør det takast kontakt med NRK for å drøfta om ein på sikt bør leggja inn lyd og video frå NRK sine samlingar i NNNK, slik det var lagt opp til i anbudsokumentet om Den nasjonale kunnskapsbasen i fjor.

### 5.3 "NETTBIBLIOTEKET"

Nettbiblioteket er den andre stolpen i "Nasjonal nynorsk kunnskapsbase". Målsetjinga bør vera å etablera seg som den viktigaste inngangsdøra til nynorsk skriftkultur på nettet for alle som er ute etter stoff *på* eller *om* nynorsk som ikkje har ei leksikalsk form. Også her må det presiserast at det både er snakk om stoff *på* nynorsk av allmenn karakter og spesifikt stoff *om* nynorsk skriftkultur.

Nettbiblioteket bør føra brukaren til:

- sentrale skrifter i nynorsk skriftkultur, både sakprosa og skjønnlitteratur (verk, bøker, større og mindre artiklar)
- sentralt arkivtilfang om nynorsk skriftkultur
- register over bøker, artiklar, innhald i aviser, arkivtilfang m.m.
- databasar med informasjon/statistikk over utbreiinga til nynorsk skriftkultur geografisk, kronologisk og på ulike samfunnsområde
- portal til andre nynorske tekstressursar på nettet (særleg nettaviser og nettidsskrift med nynorsk)
- anna relevant stoff om nynorsk skriftkultur som ikkje har ei leksikalsk form og dermed ikkje høver inn i Samlex

Det er gjort detaljert greie for aktuelle tekstar i vedlegg 2.

Dokumentasjonsprosjektet digitaliserte 1991-1997 kring 60 000 sider bokmållitteratur og 15 000 sider nynorsk litteratur (jf. vedlegg 2). Nasjonalbiblioteket overtok i januar 2002 både nynorsk- og bokmålstekstane mot ein lovnad om å gjera dei tilgjengelege på eigen plattform i løpet av fem år. Inntil vidare ligg tekstane hjå Universitetet i Oslo. Rapporten *Tverrs.AMBand* (mars 2001) gjer framlegg om at det vert sett av "ressurser for å bygge vidare på igangværende prosjekter for å gjøre viktig norsk litteratur tilgjengelig på Internett" (s. 11). Rapporten legg vidare sterk vekt på samordning av arbeidet på feltet og gjer framlegg om "at det etableres et nasjonalt program for digitale bibliotek som sikter mot å finne gode og samkjørte løsninger på dette området for hele biblioteksektoren" (s. 12).

Nettbiblioteket bør gå inn som ein integrert del av ei statleg satsing på eit digitalt fulltekstbibliotek. Hovudoppgåva for "Nettbiblioteket" vert såleis ikkje å utvikla ein eigen teknisk plattform eller primært å syta for fysisk lagring og eigen teknisk infrastruktur kring biblioteket, men heller å syta for:

- redaksjonell prioritering av kva tekstar som bør digitaliserast/publisert og ansvar for redaksjonell kvalitetssikring
- samordning av alt arbeid som skjer med digitalisering av nynorske tekstar for å oppnå ei rasjonell arbeidsdeling og syta for at det vert sett inn ressursar der det trengst mest. NK må etablera seg som nasjonalt kompetansesenter når det gjeld digitalisering og formidling av nynorske tekstar
- utvikling av ein nettportal for Nettbiblioteket som er redigert slik at han vil vera den beste og viktigaste inngangen til nynorske tekstsamlingar på nettet. Dette inkluderer også spesiell tilrettelegging, td. mot prosjektarbeid i skulen
- samordning mellom tenestene i Nettbiblioteket og Samlex slik at det står fram som ein mest mogleg einenskapleg og brukarvenleg nynorsk kunnskapsbase

Nynorsk kultursentrum gjorde i november 1998 ein avtale med Dokumentasjonsprosjektet om digitalisering og formidling av nynorske tekstar der NK gjekk inn med kr 150 000. Det var såleis alt for fire år sidan etablert eit samarbeidsforhold som vil liggja til grunn ved ei satsing på Nettbiblioteket.

### 6.1 NØKKELE I SAMLEX

Ryggmergen i Samlex er nøkkelen som knyter saman dei ulike informasjonselementa og er felles med nøkkelen for Caplex. Den synlege delen av nøkkelen er oppslagsorda. Samlex vil bruka det eksisterande fagkodesystemet i Caplex.

### 6.2 SØKJEFUNKSJONEN I SAMLEX

Søkjefunksjonen og presentasjonen av treffa er kanskje det mest kritiske punktet i basen. Søkjefunksjonen må både vera i stand til å finna all aktuell informasjon og presentera han på ein måte som skil mellom meir og mindre relevante treff.

Det vil bli lagt stor vekt på å gjera søkjefunksjonen så enkel og rein som mogleg, også dei avanserte funksjonane. Utviklinga på dei store nettbaserte søkjemotorane har dei siste åra gått i retning av at dei står fram som stadig enklare for brukaren.

Det må vera mogleg å søkja på fleire måtar i standardartiklane i Samlex og utdjupingsartiklane både i Samlex og Caplex. Dei skisserte søkjefunksjonane tek utgangspunkt i den teknologien som i dag er i bruk i Caplex.

#### 6.2.1 ENKLE SØK

##### 1. Artikkelsøk

Dette er eit søk i *oppslagsorda* der ein presentert dei standardartiklane (Samlex) og utdjupingsartiklane (Samlex+Caplex) som har søkjestrengene som ein del av oppslagsordet. Dette er eit enkelt høgretrunkert søk.

##### 2. Fritekstsøk

Dette er eit søk både i *oppslagsorda* og i *artikkelteksten* i standardartiklane og utdjupingsartiklane. Artiklar med treff i oppslagsorda bør bli presenterte fyrst, så kjem standardartiklane og til slutt utdjupingsartiklane. Er det mange treff, må brukaren kunna avgrensa søket vidare, eller sortera treffa ut ifrå andre kriterium enn dei er presenterte etter.

Frå alle sider bør det vera mogleg å gjera eit enkelt søk både som artikkelsøk og fritekstsøk.

#### 6.2.2 AVANSERT SØK

I tillegg må det vera ei side for *avansert søk* der ein kan søkja på andre måtar, eller avgrensa artikkelsøket/fritekstsøket.

*Kategorisøket* vil vera den viktigaste funksjonen i det avanserte søket. Emnesøk, tidssøk og geografisk søk er mogleg ut ifrå kodane i nøkkelen. Dette er mest aktuelt som avgrensande funksjonar i artikkelsøk og fritekstsøk. Men det skal også vera mogleg å søkja ope på td. alle artiklar innanfor emnet 'litteratur' i 'Hordaland' i perioden '1900-1940' og få treff både i standard- og utdjupingsartiklar.

Boolske søk må også vera mogleg (søk i delar av ord, fleire ord i ei bestemt rekkjefølgje, fleire ord i vilkårleg rekkjefølgje osv.).

#### 6.2.3 SPRÅKLEG VARIASJON I SØKJEFUNKSJONEN

Alle oppslagsorda må liggja føre i ei parallellordliste på nynorsk og bokmål slik at ein kan søkja både i nynorsk- og bokmålsartiklane på bae mål. Ein Samlex-brukar må få tilslag på dei nynorske

utgåvene av standardartiklane medan Caplex-brukaren får tilslag på den identiske bokmålsartiklane.

Utdjupingsartiklane bør presenterast båe stader uavhengig av målform dersom dei berre finst på ei målform. Dersom ein Caplex-brukar vil gå vidare til utdjupingsstoff i Samlex, bør ho då først over i eit Samlex-skjermbilete som markerer tilhøyrsla til Samlex. Dette må gjerast grafisk på ein måte som ikkje gjer at brukaren opplever umotivert ”hopping” mellom ulike nettstader utan å ynskja det.

Teknologien i Caplex har ein god språkversjoneringsfunksjon som også vil gjera det enkelt å kopla til andre språkversjonar dersom det er ynskjeleg.

*Fritekstsøk* vil også bli sendt både til alle nynorsk- og bokmålsartiklane i basen, men slik at ein ikkje får presentert treff i bokmålsartiklar i dei tilfella der det finst identiske artiklar på nynorsk og bokmål.

Det bør vera mogleg å avgrensa søk til berre å gjelda nynorskartiklane. Det kan særleg vera aktuelt for nynorskskular som er interesserte i at elevar på dei lågaste årsstega berre skal bruka nynorsk stoff.

Ideelt sett burde ein hatt ein søkjemotor som også taklar tverrspråklege fritekstsøk i basen, altså at ein skriv inn eit nynorskord og får treff på artiklar med det tilsvarende bokmålsordet. Her vil ein òg koma borti utfordringar som gjeld valfridom innanfor kvart av språka, bøyingsformer og ikkje minst samansette ord. *Døme: når ein søker på ordet 'høgskule', burde ein både få treff på artiklar med 'høgskole' (fellesform nn-bm) og 'høyskole' (bm)*

Så langt har ingen utvikla ein søkjemotor med ein slik språkapplikasjon for søk på tvers av nynorsk-bokmål og variasjon internt i språka så langt, men Nynodata er i gang med eit utviklingsprosjekt. Det har vore kontakt med Nynodata, og det bør vurderast nærare å gå inn i eit samarbeid.

## 6.3 TEKNISKE LØYSINGAR

### 6.3.1 TILGANG

”Nasjonale nynorsk kunnskapsbase” bør stå fram som to ulike, men teknisk og grafisk integrerte nettstader med kvar sine nettadresser for Samlex og Nettbiblioteket.

Båe må vera tilgjengelege frå Internett og brukande i alle vanlege nettlesarar. Det er i denne rapporten føresett at NNK skal vera ei gratisteneste. Det bør likevel leggjast til rette for at tenesta, eller delar av henne, seinare skal kunna bli ei betalingsteneste dersom finansieringa gjer det naudsynt og det vert ein marknad for slike tenester. Teknisk vil dette seia at det seinare må vera mogleg å knyta til NNK eit system med registrering og tilgangskontroll, og eit betalingsystem.

Skulle NNK bli ei betalingsteneste, vil nok det mest aktuelle vera å kombinera ein gratis grunnbase (td. standardartiklane) med betaling for å nytta utdjupingsstoff og avanserte tenester. Det kan også vera naudsynt å regulera tilgangen til noko av stoffet i Nettbiblioteket av opphavsrettsgrunnar, slik stoda i dag er for ein del av tekstane som Dokumentasjonsprosjektet digitaliserte.

### 6.3.2 TEKNISKE SPESIFIKASJONAR

Samlex vil teknisk bli ein del av Caplex-basen. I dag er dette ein SQL-base, men Cappelen har under arbeid endring til andre databaseløysingar.

Artikkeltekstane har formateringskodar i HTML. Dette gjer det enkelt både å presentera tekstane i internetprogram og å importera og eksportera data i basen.

Teknisk er det uproblematisk å gje Samlex-redaksjonen ekstern tilgang til basen i tråd med ei avtale om redaksjonell arbeidsdeling.

Til Nettbiblioteket er dei tekstane Dokumentasjonsprosjektet har lagt til rette, koda i SGML. Det ligg også føre aktuelle tekstar i format som PDF, Microsoft Word, Pagemaker og Quark. Her er det naudsynt med eit teknisk utviklingsarbeid for å koma fram til ein fleksibel og god plattform for presentasjonen av og søking i tekstane. Dette bør skje i samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

#### 6.4 BRUKARPROFILAR OG GRAFISK UTFORMING

For at Samlex skal vera mest mogleg tilpassa dei ulike brukargruppene, bør det utviklast to ulike brukarprofilar: enkel og allmenn.

##### 6.4.1 ENKEL

Profilen ”enkel” skal vera tilpassa behovet for elevar på småskule- og mellomsteget i grunnskulen. I denne profilen må det leggjast vekt på at både søkjebiletet og presentasjonen av informasjonen skal vera svært enkelt og oversynleg utforma. Presentasjonen bør konsentrerast om standardartiklane i basen, men brukaren bør også ha tilgang til anna innhald gjennom eit ”Meir informasjon”-val.

I denne profilen bør òg lenkjer til andre nynorske nettstader som rettar seg mot born, vera lett tilgjengeleg, som Norsk Barneblad og Magasinett.

Det må lagast egne rettleiings- og hjelpetekstar tilpassa aldersgruppa.

##### 6.4.2 ALLMENN

Profilen ”allmenn” rettar seg mot vaksne nordmenn, og kunnskaps- og dugleiksnivået tek utgangspunkt i det ein ventar seg av ein vanleg elev i den vidaregåande skulen. Også ungdomsskuleelevar vert tekne vare på gjennom denne profilen.

Skilnaden frå den enkle profilen går særleg på at det bør vera ein kortare veg til alternativt og utdjupande stoff og til dei avanserte søkjefunksjonane.

##### 6.4.3 GRAFISK PROFIL

Dei to nettstadene i ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase”, Samlex og Nettbiblioteket, må utformast med tanke på at dei skal stå fram som to nærskylde nettstader som skapar assosiasjonar til einannan og gjer det enkelt å gå over frå den eine til den andre.

Samlex må dessutan utformast slik at brukaren ser samanhengen mellom Samlex og Caplex, særleg med tanke på dei tilfella der Caplex-artiklar vert presenterte for Samlex-brukaren. Det må dragast vekslar på dei røynslene Cappelen har gjort med sitt internetleksikon. Samstundes må Samlex stå fram som ein sjølvstendig nettstad i høve til Caplex.

Nettbiblioteket må særleg utformast grafisk med tanke på at det skal gje ein så rask og effektiv tilgang som mogleg til dei ressursane (tekstar, verk, arkivtilfang, register, bibliografiar) som brukaren er ute etter.

Av sams element for Samlex- og Nettbibliotek-sidene (hovudsidene) kan ein tenkja seg at det dagleg kjem opp informasjon som til dømes:

- Ivar Aasen-ordtak
- namn – namnedag

- merkedagar frå primstaven
- historiske merkedagar
- dagens ord
- dagens sitat (frå ”Den store nynorske sitatboka”)

Vidare bør ein ha peikarar til artiklar om dei aktuelle emna.

I forprosjektet er det ikkje prioritert å utvikla ein grafisk pilot for Samlex og Nettbiblioteket. Dette bør ta til raskt i neste fase i prosjektet slik at ein kjem i gang med utprøving og sikrar at omsyna til brukaren står sentralt i utviklingsarbeidet heilt frå byrjinga.

Denne rapporten er skriven i mai-juni 2002 på ei tid der mykje framleis ikkje var klart kring engasjementet til staten i dei digitale satsingane på kulturområdet. Siktemålet med dette kapitlet er difor fyrst og fremst å peika på dei aktuelle satsingane som prosjektet ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” må plassera seg i høve til.

Denne rapporten legg opp til at NNK vert etablert på ein måte som gjer det enkelt å tilpassa seg til eventuelle statlege satsingar og samordningstiltak som måtte koma. Samlex vil teknisk liggja svært godt til rette for å kunna gå inn i ein nasjonal kunnskapsportal. Det er brukt ei vanleg og konvertibel databaseløysing, eit fagkode-/metadatasystem som lett kan tilpassast ein nasjonal standard dersom noko slikt vert etablert, og eit svært brukande tekstformat (html). Tekstane i nettbiblioteket vil også i stor grav vera plattformuavhengige og lett kunna tilpassast nye løysingar, både teknologisk og i informasjonsstruktur.

### 7.1 EIN NASJONAL KUNNSKAPSPORTAL

Etter førehavinga av revidert nasjonalbudsjett i Stortinget i juni 2002 er det uklart kva som skjer med etableringa av ein nasjonal kunnskapsportal på Internett. NNK ville vore avgjerande for å sikra eit akseptabelt nynorsk innslag i ein slik kunnskapsportal. Samstundes er NNK eit prosjekt som står heilt og fullt på egne bein og skal dekkja det behovet som nynorskbrukarane vil ha uavhengig av om det finst ein nasjonal kunnskapsportal.

I arbeidet med prosjektet har det vore kontakt både med Nasjonalbiblioteket og Læringscenteret, som saman var tiltenkt ansvaret for utviklinga av kunnskapsportalen. I den vidare planlegginga og utviklinga av NNK er det viktig med jamn kontakt mot desse institusjonane for å sikra at løysingane i NNK til kvar tid er best mogleg tilpassa til den statlege satsinga. Det gjeld både struktur/metadata, redaksjonelle prioriteringar og tekniske løysingar.

Dei røynsleane som vert gjorde med etableringa av NNK vil også vera svært interessante for staten i arbeidet med ein eventuell kunnskapsportal.

### 7.2 ABM-PROSESSEN OG KULTURNETT NOREG

Det er det siste tiåret samla sett gjort eit svært omfattande arbeid med digitalisering av innhaldsressursar i arkiv, bibliotek og museum. Utfordringa både for NNK og staten er at dette arbeidet i liten grad har vore samordna og at det såleis ikkje finst sams teknisk plattform, sams kvalitetskriterium eller samst struktur og organisering av ressursane.

Det har ei tid vore uklart kva som skjer med samordninga og den vidare drifta av dei eksisterande digitale satsingane på kulturfeltet, i fyrste rekkje Kulturnett Noreg. Prosessen så langt peikar mot at ABM-utvikling vil overta ansvaret for Kulturnett Noreg frå 1.1.2003 og bli eit sentralt ressurs- og rådgjevingsorgan for dei digitale satsingane i arkiv-, bibliotek- og museumssektorane.<sup>20</sup>

Det har vore kontakt med ABM-utvikling i arbeidet med prosjektet, og denne kontakten bør følgjast opp med tanke på ei best mogleg samordning mellom dei digitale satsingane i ABM-sektoren, særleg Kulturnett Noreg.

Evalueringsrapporten om Kulturnett er klar på at Kulturnett ”ikke skal være ansvarlig for pedagogisk tilrettelegging”, og det er grunn til å tru at det same synspunktet vil bli lagt til grunn for arbeidet vidare. Det vil seia at Kulturnett (og dei andre ABM-ressursane) vil vera heilt avhengig av tiltak som NNK for å kunna nå ut til brukargrupper ut over fagmiljø og svært

---

<sup>20</sup> *Evaluering av kulturnett Norge*, rapport frå ei arbeidsgruppe under Kulturdepartementet 31.5.2001, *Tverrs.AMBand*. Rapport fra Arbeidsgruppe for IT og andre sektorovergrepene spørsmål innenfor bibliotek, arkiv og museum mars 2001, Kulturdepartementet

kompetente kulturmiljø. Staten risikerer her at spreiringseffekten av store investerte summar i digitalisering av kultur vil bli langt dårlegare enn naudsynt dersom det ikkje vert etablert samarbeid med formidlingskanalar. NNK, som i stor grad rettar seg mot skulen, kan her få ein svært viktig funksjon i å formidla det store og verdfulle innhaldet i dei norske kulturnetta ut til brukarane.

Då Kulturnett vart skipa i 1998, vart det sett i gang regionale prøveprosjekt i Sogn og Fjordane og Troms, og sidan har det kome til regionale kulturnett både i Akershus, Hordaland, Østfold og Nord-Trøndelag. Kvaliteten og omfanget er svært varierende, og Sogn og Fjordane er i ein særklasse. Det skisserte NNK-prøveprosjektet for Sogn og Fjordane (jf. vedlegg 3) kan difor bli til stor nytte også for den vidare statlege utviklingsarbeidet med å utnytta regionale ABM-ressursar i ein nasjonal samanheng. Tverrsektorprosjekt innanfor ABM-området har vist seg å vera utfordrande og kostnadskrevjande prosjekt, ikkje minst på det digitale området. NNK vil her bli eit pilotprosjekt i nasjonal samanheng på det digitale området og gje verdfulle røynsler for heile ABM-sektoren.

Som ABM-institusjon har Nynorsk kultursentrum eit særleg ansvar for å følgja opp det nynorske perspektivet i den statlege ABM-satsinga. NK har særleg gode føresetnader sidan institusjonen både har sterke arkiv-, bibliotek- og museumsfunksjonar og ei sterk digital satsing er under oppbygging. NK har under planlegging ein ABM-konferanse november 2002 for litterære selskap og norske museum med tilknytingspunkt til nynorsk skriftkultur.

### 7.3 NETTVERK I SKULESEKTOREN

Skulenettet.no, drive av Læringscenteret, er i dag den sentrale nettstaden for samordning av læringsressursar i skuleverket. Eit nytt "Nasjonalt læringsnett" er under utvikling og skal gje ein einskapleg tilgang til informasjon og læringsressursar for heile utdanningssektoren. Uninett og Læringscenteret har hovudansvaret for utviklinga, og etableringa vil gå over fleire år med utprøving og oppstart i 2002.<sup>21</sup>

NNK vil vera ein viktig nynorsk ressurs for desse nettsatsingane i skulesektoren, og det bør etablerast eit samarbeid som sikrar at NNK er tilgjengeleg gjennom og kan gå inn i desse satsingane.

### 7.4 ANDRE STATLEGE SATSINGAR

Det er aktuelt å leggja peikarar og eventuelt gå inn i eit samarbeid med fleire offentlege informasjons- og innhaldsressursar på Internett. Nokre av dei mest aktuelle er:

- Statistisk sentralbyrå ([www.ssb.no](http://www.ssb.no)) – Cappelen har alt ein samarbeidsavtale med SSB
- Lovdata ([www.lovdata.no](http://www.lovdata.no))
- [noreg.no](http://noreg.no) – portalen for offentleg informasjon på Internett; redaksjon lokalisert på Leikanger, Sogn og Fjordane
- Riksarkivet ([www.riksarkivet.no](http://www.riksarkivet.no))
- [forskning.no](http://forskning.no) – samling med forskingsressursar på nettet

---

<sup>21</sup> IKT i norsk utdanning – årsplan for 2002, Utdannings- og forskingsdepartementet 20.3.2002, <http://www.odin.dep.no/ufd>



### 8.1 ORGANISERING

Det er i denne prosjektrapporten føresett at ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” har to delprosjekt og nettstader – Samlex og Nettbiblioteket, og at Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum saman står bak båe.

I neste fase må det avklarast korleis dette skal organiserast i praksis. Ei løysing kan vera at Samlaget tek hovudansvaret for Samlex medan NK tek hovudansvaret for Nettbiblioteket på ein slik måte at båe nettstadene kan gå inn i den ordinære drifta til dei to institusjonane. Dette vil truleg vera den organiseringsmåten som sikrar ei mest mogleg effektiv samordning mellom NNK og den aktiviteten som institusjonane elles driv med. Til dømes vil det vera ein stor fordel for Samlex om Samlex-redaksjonen er ein del av forlaget i Samlaget og på den måten har kort tilgang til alt det potensielle Samlex-innhaldet som årleg vert produsert i forlagsredaksjonane. Banda mellom Samlex og Nettbiblioteket måtte då formaliserast gjennom eit sams redaksjonsråd.

Det er så langt ikkje vurdert å skilja ut NKK som ei eiga eining eller eit eige selskap på utsida av dei to institusjonane. Det vil gjera det vanskelegare å dra vekslar på eksisterande kompetanse og ressursar i arbeidet med prosjektet.

DNS og NK inngjekk i 2001 ”Samarbeidsavtale om nasjonal kunnskapsbase på nynorsk”. Denne avtala ligg til grunn for NNK og må reviderast når finansieringa, dei økonomiske rammene og opplegget for NNK er klart og prosjektet skal realiserast. Denne avtala vil sikra eit tett hopehav mellom dei to nettstadene. NNK og Cappelen bør etablera eit felles redaksjonsråd for å sikra god kontakt og effektivt samarbeid mellom redaksjonane både i etablerings- og driftsfasen.

### 8.2 VIDARE ARBEID

Denne prosjektrapporten er ein fyrste samla gjennomgang av korleis ein ”Nasjonal nynorsk kunnskapsbase” kan byggjast opp og dei problemstillingane som reiser seg i samband med eit slikt prosjekt. Prosjektrapporten er ikkje meint som eit endeleg arbeidsdokument for etableringa av NNK. I framdriftsplanen i vedlegg 1 er det skissert korleis NNK kan etablerast fram mot 2005 dersom finansieringa raskt vert avklart.

